

Vegusdal kyrkje på Engesland 150 år

Vegusdal kyrkje på Engesland 150 år

OLAV GUNNARSON DOVLAND

Copyright © Birkenes menighetsråd 2017
Formgivning av Hans Ivar Stordal.
Tekst satt med Satyr 10,5 pkt og Telefon.

Forord

<u>Helsing frå soknerådsformannen</u>	<u>3</u>
<u>Kirken jeg er blitt glad i -Helsing frå soknepresten</u>	<u>4</u>
<u>Frelserens kirke -Helsing frå Ingemann Ellingsen (sokneprest 1961-69)..</u>	<u>6</u>
<u>Kyrkja i Vegusdal fram til 1867.....</u>	<u>7</u>
<u>Kort om historia til Vegusdal kyrkje</u>	<u>7</u>
<u>Ein situasjonsrapport tidleg 1863</u>	<u>9</u>
<u>Ny Vegusdal kyrkje på Engesland</u>	<u>11</u>
<u>Litt om sjølve planlegginga av den nye kjørka</u>	<u>12</u>
<u>Grunnsteinen blir nedlagt</u>	<u>13</u>
<u>«Verda» kring Engesland rundt byggetida</u>	<u>16</u>
<u>Kyrkja i Vegusdal etter 1867.....</u>	<u>23</u>
<u>Vedlikehald, påkostingar og restaureringar</u>	<u>23</u>
<u>Gravplassar</u>	<u>24</u>
<u>Kyrkja som arbeidsstad</u>	<u>27</u>
<u>Prestar</u>	<u>27</u>
<u>Kyrkjesongar/klokkar</u>	<u>30</u>
<u>Et presteliv i Vegusdal</u>	<u>30</u>
<u>Leif Møller-Stray</u>	<u>30</u>
<u>Klokkar i Vegusdal</u>	<u>34</u>
<u>Sigrid Retterholt</u>	<u>34</u>
<u>Utsmykkingar og gåver til nykjørka</u>	<u>35</u>
<u>100-års jubileum i 1967</u>	<u>35</u>
<u>Nokre forteljingar</u>	<u>35</u>
<u>Stefan Fidjeland fortel om “Verskap”</u>	<u>35</u>
<u>Anne Fidje fortel om begravelse, byllup og dåp</u>	<u>36</u>
<u>«Fyll og spetakkel»</u>	<u>37</u>
<u>Sigurd Belland fortel om gudstenesta som møteplass (og alt anna som og føregjekk)</u>	<u>39</u>
<u>Setesdalsrykka i Vegusdal.....</u>	<u>41</u>
<u>Reise til og frå kjørka</u>	<u>42</u>
<u>Kyrkjekaffe der oppe</u>	<u>46</u>
<u>Kyrkjelydsbladet Klokketonar</u>	<u>47</u>

Forord

I 2015 VAR DET to år att til 150 års feiringa av Vegusdal kyrkje. God tid, altså. Når eg skriv dette, er det fire dagar att til heftet går i trykken. Ikkje så god tid lenger, altså!

Vegusdal sokneråd spurde meg, Jens Vellene og Olav H. Aas om å stå for arbeidet med å utgje eit hefte i høve at kjørka vår rundar 150 år. Dette sa me ja til, og fekk nokså raskt på plass ein disposisjon av kva me ville ha med. Dessverre fekk Olav H. tidleg i arbeidet så store helseproblem at han måtte seie frå seg vidare arbeid. Men heldigvis fekk eg tilgang til mykje stoff. Spesielt vil eg nemne kopi av heradstyreprotokollen for Vegusdal frå 1877 og utover, og gamle bilete frå Engesland.

Jens og meg blei einige om at eg skulle skrive og at han skulle arbeide med å samle stoff, og å arbeide med språkpassing. Det siste har nok blitt litt nedprioritert sidan heftet ikkje er klart før nå i siste liten. Me har arbeidd godt saman, og me har det alltid gildt og interessant når me treffest. Likevel må eg innrømme at dette arbeidet til tider har vore noko tungt. Å skrive jubileumshefte er jo ikkje akkurat det einaste ein har å gjere, og nokre gonger har eg kjent det som eit evighetsprosjekt.

Men nå er heftet så ferdig som me fekk det. Lat meg med ein gong seie at det er ting eg kunne ha skrive om som eg ikkje har skrive om. Dette er altså ikkje den fullstendige historia om kjørka på Engesland. Spesielt er det noko tynt på omtale av inventar og utsmykkingar. Men noko må dei jo ha å skrive om til 200 års feiringa og!

Eg takkar Olav H. for tida me fekk starte opp denne skrivinga! Så takkar eg Jens for den alltid trufaste og grundige innsatsen, og for triveleg samarbeid og solid fagkunnskap, både når det gjeld lokalhistoriske og språklege utfordringar!

Så håper eg dette heftet kan vere til både underhaldning og nytte for lesarane, eg tenker at lokalhistoria vår er eit viktig samlingspunkt for Vegdølane!

*Dovland, 21. august 2017,
Olav Kristian Gunnarson Dovland*

Kirken den er et gammelt hus

– Helsing frå soknerådsformannen

NÅR VEGUSDAL KYRKJE I år fyller 150 år, er det lett å tenke på denne salmen av Grundtvig med samme tittel som overskriften. Den danske prest og dikter som skrev om kirken som et gammelt hus, henleder oppmerksomheten vår på at det ikke er bygningen i seg selv som er så interessant, for kirka «står om enn tårnene faller», som salmen uttrykker. Grundtvigs poeng er at kirka dypest sett ikke er en bygning, men består av mennesker, levende byggesteiner, med en tro på Kristus. Det spesielle med kristendommen er at Gud ikke lar seg fange inn i et hus bygget av menneskehender, som skriften sier. Derfor, når vi skal gratulere hverandre med dagen, handler det dypest sett ikke om at bygget står, men at troen er bevart i menneskenes hjerter inntil i dag. Som leder av soknerådet i Vegusdal velger jeg å trekke fram dette Grundtvigske perspektivet på jubileet.

Historisk sett er ikke 150 år særlig lenge. Fra den første kirka ble bygget i Vegusdal i år 1200 og fram til i dag er det gått ca 800 år. I 150 av disse årene har kirka stått på Engesland. I dag må vi forklare ungdommene og tilreisende historikken omkring hvorfor kirka på Engesland heter Vegusdal kyrkje.

I likhet med de gamle kirkene som stod på gården Vegusdal, er også dagens kirkebygg bygget tett opp til et gammelt norrønt offersted, Kvinarolla. Den gamle gudemytologien kan fortsatt spores gjennom kulturminner og vil være en del av vår historiske bevissthet. Det er påminnelse om at menneskers virkelighetsoppfatning kan endres dramatisk og at den kristne kirke har hatt en enorm innflytelse på utviklingen av det samfunnet vi i dag forbinder med Norge.

I 1867, da dagens kirke på Engesland stod ferdig, var det nasjonalt mye spenninger mellom lekmannsbevegelser i kirka og embetsverket. Konven-

tikkelpakaten hadde nylig blitt opphevet. Denne forbød ikke-geistlige å drive kristen forkynnelse. Man fikk en oppblomstring av et friere, kristent organisasjonsarbeid som utfordret det tradisjonelle kirkelige embetsverket. Bedehusene kom som en følge av denne tiden, og bedehuset på Engesland eksisterer den dag i dag som både supplement og positiv utfordrer til den kirkelige virksomheten.

Kirka ønsker å bidra til frihet, forsoning og fred, men vi må erkjenne at den også har bidratt til det motsatte. Den har selv bidratt til antisemittisme gjennom jødeparagrafen i grunnloven som ble opphevet bare kort tid før Vegusdal kyrkje ble bygget. Homofili var forbudt ved norsk lov fram til 1972, men i år har denne gruppen fått rett til vigsel i den norske kirke etter en lang kamp. Noen vil hevde det er et tegn på frafall og normoppløsning, andre mener det er en nødvendig tilpasning til tiden vi lever i.

Kirkens innflytelse som samfunnsinstitusjon har blitt betydelig redusert i løpet av 150 år. I dag vurderer mennesker sitt medlemskap i kirka, slik de vurderer kirkelig vigsel og kristen dåp. Tidligere var dette en selvfølge. Kanskje kan man si at denne friheten gjør at kirka blir sannere, åpnere og mer ekte. Baksiden er at kirkesøkningen på vanlige søndager er synkende. Om det innebærer at folket mister sin forankring i kristen tro, er dette til bekymring også i vår lille menighet her i Vegusdal.



På vegne av soknerådet gratulerer jeg Vegusdal kyrkje med 150års-jubileet og ønsker at kirkas plass i bygda fortsatt kan bidra til tro, håp og trøst til hver og en av oss!

Med hilsen

Ole Morten Vegusdal, leder Vegusdal sokneråd

Kirken jeg er blitt glad i

– Helsing frå soknepresten

7. FEBRUAR 2016 BLE jeg ordinert til prest, i Vegusdal kyrkje av biskop Stein Reinertsen. Så vidt vi vet er det den første ordinasjonen som har funnet sted i Vegusdal. Det var en stor dag. Bygdefolket og mange fra Birkeland fylte opp benkene. Barnekoret «Hjertevenner» deltok med fine sanger. Det var en god start på tjenesten min som sokneprest for Vegusdal og Herefoss. Jeg har blitt glad i folket, stedet og kirkebygget og håper på mange gode år her. Som ny prest var jeg nysgjerrig på dette bygget som nå er 150 år. Jeg har hatt mine rolige bli-kjent runder og oppdaget noen detaljer som jeg tror ikke er så godt kjent. Det ser ut til at arkitekt von der Lippe har hatt fokus på tallet 12. Det er jo et Bibelsk tall som peker mot Israels 12 stammer og de 12 disiplene.

Vi begynner utendørs. Klokketårnet (1) har 12 små vinduer, 3 på hver side. Inngangen på kirka har en dobbeltdør (2). Hver dør består av 12 felt. Her kan vi tenke oss at vi har den gamle og nye pakt står side ved side, og til sammen åpner de døren inn til fellesskapet med Gud. Inne i kirka har vi 12 hovedsøyler (3) som bærer konstruksjonen. Mange kirker har valgt 12 søyler. Dette minner oss om de 12 disiplene som Jesus valgte ut til å være søylene i den verdensvide kirka som skulle bygges. Rekkverket opp mot koret (4) har 12 buer på hver side. Ikke så lett å legge merke til. Dette tilsvarer de 12 felt på her side av inngangsdøren. På altertavla (5) er det tre røde streker på hjørnene oppe og nede, $3 \times 4 = 12$.

Hele veien gjennom kirka finner vi 12er-symbolikken. Det er godt mulig man kan klare å finne flere ting det er 12 av, enn det jeg har lagt merke til. Utfordringen er herved gitt ...

Et kirkebygg er en tradisjonsbærer. De fleste kirker bærer med seg spor av ulik bruk til ulike tider. Det vitner om levd liv i Guds menighet gjennom



1 – Klokketårnet



2 – Inngangsdøra



3 – Hovedsøylene



4 – Rekkverket mot koret



5 – Altertavlen (detalj)

flere generasjoner. Her er noen glimt fra ny bruk av kirka som har funnet sted de siste årene:

I oktober 2016 var jeg med på «LysVåken» i Vegusdal kyrkje. Det er et nasjonalt konsept som brer om seg og kom i forbindelse med trosopp-læringsreformen som startet i 2004. Det går ut på å overnatte i kirka og ha aktiviteter, gjennom nesten ett døgn. Dette er en ny bruk av kirka som ikke har skjedd tidligere. I forbindelse med jubileet så synes jeg det er fint å kunne si dette: Det vokser nå opp en ny generasjon i Vegusdal der de fleste har overnattet i kirka. Det gir en spesiell tilknytning til bygget å bo der ett døgn. De kommer dit med soveposer og tannbørster. De spiser frokost, leker og synger. Jeg synes det er fint å være så lenge i Guds hus.

Barna blir husvarme og skjønner på en ny måte at dette er også deres hus. Mitt ønske er at barn og voksne skal kjenne en tilhørighet og en trygghet til dette Gudshuset.

I 2016 startet også organist Karen Ingrid Witter en ny aktivitet i kirka: Babysang. Dette vitner om at Vegusdal kyrkje brukes av liten og stor og nye samværsformer prøves ut.

Det må også nevnes at de siste årene har vi også fått på plass datamas-kin og videoprojektor i kirka. Salmer og liturgi vises nå rett på veggpanelet på høyre side, på de fleste gudstjenester. Salmebøker brukes i mindre grad enn før. Så vil tiden vise om dette er kommet for å bli.



Det er en vital 150 åring vi har med å gjøre. Vi trenger fellesskapet, og vi trenger dette huset!

Frode Eikrem, sokneprest i Vegusdal og Herefoss fra 1. februar 2016.

Frelserens kirke

– Helsing frå Ingemann Ellingsen

SÅ ER DET ALT 150 års jubileum for Vegusdal kyrkje. 100 års jubileumsfeiringen synes ikke langt tilbake. For Jorunn, barna og meg har det hendt så mye siden. Et par år etter ble det ny stilling, denne gang som prestelærer, først lektor, senere rektor ved Menighetsfakultetets praktisk-teologiske seminar. Etter 12 år i Oslo ble det på ny menighetstjeneste, denne gang som sokneprest i Gran med de berømte Søsterkirkene og prost i det langstrakte Hadeland og Land prosti. Pensjonisttilværelsen etter fylte 68 år ble et nytt kall, eller rettere sagt mange kall, i Østfold. Det hele ble avsluttet da jeg i september 2012 prekte i Herefoss- og Vegusdal kirker med 50 års konfirmantene tilstede. Siden har det ikke blitt så mye. Fint å sette punktum nettopp hos dere!

Ved 100 årsjubileet kalte jeg i festskriftet Vegusdal kyrkje «Frelserens kirke» ut fra det vi ser på altertavlen: «Herre frels meg». Jeg skrev den gang:

Peters grep om Jesu arm er svakt og famlende. Det er ikke i stand til å frelse han fra å synke i dypet. Men Jesu grep om Peters arm er fast og sikkert. Det er det som frelser Peter. Selv kan jeg ikke se på altertavlen uten å minnes apostelens ord: «Ikke at jeg allerede har grepet det eller allerede er fullkommen, men jeg jager etter det, om jeg og kan gripe det, ettersom jeg er og er grepet av Jesus Kristus.» (Filip. 3,12).



La dette være min hilsen også til 150-årsjubileet for Vegusdal kyrkje.

Jeløy, januar 2017

Ingemann Ellingsen, sokneprest 1961–69

Kyrkja i Vegusdal fram til 1867

Kort om historia til Vegusdal kyrkje

FYRSTE GONG ME HØYRER tale om Vegusdal kyrkje er også fyrste gong me høyrer tale om Vegusdal. Det finst ei stor samling av norske middelalderbrev som er kalla Diplomatarium Norvegicum, og her finn me eit brev datert 14. juli 1348, der innhaldet kort oppsummert er dette:

Nikolas Endridsson, prest i Stavanger, og Endrid Jofreyrssøn, prest i Veikulfsdal, kunngjer at Salmund Styrmessön, korsbroder i Stavanger, på sine brørs vegne forlangte garden Vivilstad av Ivar på Ås, mot å forsørge han på line med andre av Ivars likemenn i Brødregaarden, noko Ivar avslo.




Middelalderbrevet frå 1348.
(Riksarkivet, NRA dipl perg, 14 jul 1348)

Me veit ikkje sikkert kva for ein gard denne Vivilstad er. Me veit heller ikkje om Ivar på Ås bur på Ås i Vegusdal sjølv om Vegusdalspresten er


involvert. På denne tida kan ein sikkert rekne med at kjørka sto på garden Vegusdal, og me veit at det var ei stavkjørke.


Kring 1550 blei det bygd ei ny langkjørke på Vegusdal. Denne sto fram til 1868, men blei då riven, og auksjonert bort. Under rivinga fann ein portalane frå den gamle stavkjørka, noko som gjer at ein kunne datere stavkjørka til tidleg 1200-tal.

Meir om desse tidlegare kjørkene, og om perioden fram til ny kjørke kom på Engesland, kan ein lese i kultursoga for Vegusdal, kapittel 6. I dag er dette blitt svært fjern



Detalj frå portalane til den gamle stavkjørka.





fortid. Men det er artig at noko sit att hos oss den dag i dag: Før reforma-sjonen kring 1537 var all liturgi i kjørka på latin, så det var nok heller lite å site att med for dei fleste. Ved nattverden sa presten «Hoc est corpus dei filius sanctus» (dette er leka-men til den heilages son) då han delte ut brødet. Dette blei sagt fort, og gong etter gong, og høyr-dest ut som «hokus pokus filiokus». Så der kjem det uttrykket frå.

Me skal nå hoppe langt fram i tid.

EIN SITUASJONSRAPPORT TIDLEG 1863

I eit brev datert 11. februar 1863 til Kongen (Karl XV av Sverige/Noreg) bed inbyggjarar i Vegusdal om at Vegusdal prestegjeld ikkje blir skild frå Evje før den nye kjørka på Engesland er ferdig. Det fortel ein del om stoda og tenkemåte i åra før ny-kjørka blei bygd, så me har skrive det av:

Til Kongen!

Idet vi vove at fremkomme med dette vort underdanigste Andragende, støtte vi samme paa de mange Vandskeligheder, som vilde finde Sted ved ordningen af det nye kald, saafremt denne skulde indtræde, inden den nye Kirke var opført.

Saaledes som den gamle Kirke er beliggende i den ene Udkant af Sognet, er det kængt lettere for Præsten fra Evje at besørge de regel-

Vegusdal den 10. Februar 1863.

Til Høngren!

Undertegnede Indvognede af
Vegusdals Løve, Euje Præstegjeld
Kjøbmands Præst, Christian
Lange, stiller hermed under
dengang om, at Trækulsløve
af dette Løve fra Euje Præste-
gjeld først maa oprettes,
Løve som ogsaa ikke paa veder-
bættelse er bleven opført.

Skulde vi være at fremkomme
med dette vort indersindige
Inddragende, stille vi sødme paa
de mange Hænderhænder, som
ville finde Skulde og Opbehold af
det nye Skulde vedkomme dem, som
de skulde vide, som den nye Skulde
er opført, Løve som den nye
Skulde er betydningsfuld, som den nye
Skulde af Skulde er det langt bedre
for Præsten fra Euje, at herige
de regelmæssige Gudstjenester, end
det vilde være for den ansette
Præst, og det Skulde som paatænkes
oprettet, da denne formodentligen
kom til at bo i eller ved Heirefos,
eftersom der fra Vegusdals Kirke til
Euje Præstegaard er god Kjørevei, med
der til alle de øvrige Kanter kun er
elendig Ridevei, der mangen Gang
om Vinteren vilde være ufremkommelig
for Præsten, medens dette kun er en
Sjældenhed fra Euje. Trækulsløve som
Trækulsløve paa Trækulsløve, som
den mange Gang er det Skulde,
som paa den til Trækulsløve, som
ogsaa kom til Euje Præstegaard, som

messige Gudstjenester, end det ville være for den ansette Præst i det kald, som paatænkes oprettet, da denne formodentligen kom til at bo i eller ved Heirefos, eftersom der fra Vegusdal kirke til Euje Præstegaard er god Kjørevei, med der til alle de øvrige Kanter kun er elendig Ridevei, der mangen Gang om Vinteren vilde være ufremkommelig for Præsten, medens dette kun er en Sjældenhed fra Euje.

Saalenge som Kirken ligger paa Vegusdal Gaard, er der mange Gaarde, især i det Strøg som grændser til Ivelands Sogn, der ogsaa hører til Evje Præstegjeld, som nu paa Grund av den lange Vei til Vegusdals Kirke, faa deres kirkelige Forretninger udførte ved Iveland, hvilket ei vilde kunne blive Tilfældet naar disse to Sogne ei længere kom til at høre til det samme Præstegjeld, og dette vilde, som Kirken nu ligger, for Mange vorde til stor Ulempe.

Skulde Vegusdal nu forenes med Heirefos og Møkland, maatte der vel paa samme Tid, som Sognet faar en, efter sin ringe oeconomiske Stilling, ei ubetydelig Byrde ved den nye Kirkes Opførelse, tillige paatænkes og paabegyndes Oparbejdelsen af en præstevei til den nye Kirke, og dette vilde meget forøge Byrdene, der allerede, ved de flere Misvekstaar, for dette fattige Sogn ere saare trykkende.

Vi nære saaledes det Haab, at denne vaar underdanigste Ansøgning naadigst vorder indvilget, saa meget mere som det, som Tingene nu staa, ei kan anses for noget tab med Hensyn til Menighedens aandelige Pleie.

Om dette brevet nokon gong blei send, og kva det eventuelt fekk å seie, veit me ikkje. Men for oss i dag fortel det om engasjement, og det gjev oss to fakta: Det er klart, og folk veit, tidleg i 1863, at Vegusdal sokn i Evje prestegjeld skal ut av Evje prestegjeld og slåast saman med Herefoss sokn og Mykland sokn til eit nytt prestegjeld. Reint geografisk blir det då nokså opplagt at presten bur på Herefoss, slik dei skriv. Dei veit og at det skal byggast ny kyrkje, og at denne ikkje skal stå på Vegusdal. Dei veit faktisk at ho skal stå på Nedre Engesland. I ein kongeleg resolusjon frå 1862 står nemleg at den noverande kyrka i Vegusdal «naadigst tillades rives og i dens sted en ny opført på Gården Nedre Engeslands grund ...» Det står også vidare at denne skal oppførast etter teikningar som seinare må godkjennast.

NY VEGUSDAL KYRKJE PÅ ENGESLAND

FRÅ 1863- BREVET KAN me ikkje heilt konkludere med kva som kom fyrst, ønsket om å flytte kyrkestaden eller bodet om at prestegjelda skal endrast. Kyrkja på Vegusdal var nå, etter det me trur, vel 300 år gammal. Kva slags forfatning ho var i kan me ikkje heilt vite, men i jubileumsskriftet til 100 årsjubileet i 1967 står det «I 1850-60-åra trong kyrka store reparasjonar». At Vegusdal gard ikkje ligg midt i Vegusdal gjorde ikkje så mykje så

lenge og Iveland hørde til same prestegjeld. Men når folk frå Gjerustad, til dømes, nå måtte heilt til Vegusdal for å få eit barn døypt eller nokon i jorda, så blir det nokså tydeleg at Vegusdal gard ikkje er luraste staden å ha kjærka.

Det ser ut til at den gamle kjærka på Vegusdal er klein og anten må vølast eller byttast ut. Så kjem bodet om at Vegusdal sokn skal saman med Herefoss og Mykland. Då blir det klart for alle lokalkjende at Vegusdal kyrkje bør ligge midt i soknet. Dermed peikar området kring Nedre Engesland seg ut. Eller var det kan hende slik at ein i alle fall hadde tenkt å flytte kjærka til det geografiske sentrum i bygda, og så kom meldinga om endring av den administrative strukturen? Då skjønna folk at dei fekk det ekstra travelt med å byte kjærkestad, og dermed ville utsette samanslåinga. Me let det vere med hypoteser kring dette.

Ein kan lure på kva dei som skriv brevet meiner med at det mel auke børene til bøndene, dette med å lage ny kjærke og bygge kjærkeveg. Det var slik at kjærkene, og dei gardane som kjærkene frå før reformasjonen åtte, var blitt krongods. Men kongen i København trong stadig pengar til både krig og moro, og selde unna. Allereie kring 1650 byrja dette salet i Danmark, og i 1723 i Noreg. I 1725 blei det skrive ut skøyte på kjærka på Vegusdal til allmugen i Vegusdal.

LITT OM SJØLVE PLANLEGGINGA AV DEN NYE KJØRKA

ETTER RESOLUSJONEN FRÅ 1862, der det er gjeve løyve frå kongen til å flytte kjærkestanden til Engesland, var det mykje som måtte på plass innan planane kunne settast ut i livet. Det var kommunestyret, som altså var kommunestyret i Evje, som administrerte planlegginga. Fyrst og fremst måtte det pengar til. Frå jubileumsskriftet frå 1967 får me greie på at eit byggefond på 580 speciedalar (spd) var på plass i 1862, og stod og velgjorde seg i Mandal sparebank. Desse pengane var samla inn som skatt, såkalla matrikkelskatt. Dette betyr at kvar gard betalte ein viss sum per verdieining. Lat oss ta eit eksempel: I 1865 var denne skatten 5 spd per skylddalar, som var verdieininga. Kjellevand var verdsett skattemessig til 3 spd, 2 ort, 12 skilling. Me har at

1 spd = 5 ort = 120 sk, slik at 1 ort er 24 skilling

Dermed er Kjellelands skattetakst akkurat 3,5 spd. Med 5 spd per skylddalar gjev dette ein skatt på 17,5 spd. Frå ei taksering i 1868 veit me at ei ku blei verdsett til 14 spd og ein hest 40 spd. Kjellelands skatt var altså noko meir enn verdien av ei god ku.

Me har for moro summert verditaksten på alle gardane i Vegusdal og kome fram til 208 spd, 1 ort, 3 sk. Det gjev ei total skatteinntekt frå Vegusdal for året 1865 på vel 1000 spd, om alle betalte. Ein må vel helst tru at dette var heile skatten, og at så noko av dette blei sett av til ny-kjørka. Kor som er, omtrent på denne tida hadde fondet vakse til dei 1990 spesiedalar som kjørka kom til å koste.



Arkitekten, Conrad Fredrik (Frits) von der Lippe (1833–1901)

Arkitekten som teikna kjørka var Conrad Fredrik von der Lippe, fødd i Kristiansand i 1833. Han var grunnutdanna i Hannover, med tilleggsutdanning frå Darmstadt og Wien. I 1857 etablerte han seg med kontor i Stavanger. Det var altså ein ganske ung arkitekt som teikna Vegusdal kyrkje om lag 1865. Men Frits von der Lippe, som han blei kalla, var alt svært kjend. Sankt Petri kirke i Stavanger blei oppført i 1864–66, så han har altså vore arkitekt for dette storbygget eit år eller to før han teikna vår kjørke. To år seinare teikna han Villa Snøringsmoen i Lillesand. Seinare teikna han kjende bygg som Ole Bulls villa på Lysøen og Kjøttbasaren i Bergen.

GRUNNSTEINEN BLIR NEDLAGT

DET VAR ARKITEKTFIRMAET SCHAUFFERT i Arendal som skulle stå for bygginga av kjørka, basert på teikningane frå arkitekt von der Lippe i Stavanger. Om litt skal me sjå at det er også noko som er kalla byggmeister. Det er ikkje godt å vite heilt korleis dette har gått føre seg, men det er vel rimeleg å tenke seg at det er omtrent slik: Von der Lippe har utforma dei overordna prinsippa for kjørkebygget. På grunnlag av desse skissene har det så vore ein runde for å sette teikningane ut i livet på den aktuelle tomta.

Konstruksjonane i kjørka krev heilt klart spesialkompetanse. På denne tida var takkonstruksjon med sperrer på berande bindingsverk ikkje i vanleg bruk. Lafta tømmer var det vanlege, og det bygdefolk hadde kunnskap



om. Dessutan er takkonstruksjonen ganske krevande fordi kjørka vår er ei krosskjørke med saltak som på ei langkjørke. Om ein då skal kalle firmaet som i detalj set ut i livet eit slikt prosjekt arkitektfirma eller byggmeisterfirma, er vel ei smakssak. Men firmaet har altså sjølv kalla seg arkitektfirmaet Schauffert.

Det var bygdefolket i Vegusdal som heldt tømmeret til kjørka, så dette er nok skore på ei eller fleire bygdesager etter oppteikningar frå firmaet Schauffert om mål og dimensjonar. Så må ein tru at utgraving av tomta, i den grad det måtte til, samt muring også er gjort av bygdefolk, i samarbeid med Schauffert. Pendling til og frå Arendal var bare mogeleg på hesterygg eller til fots i byggeperioden, så truleg har det vore ein eller nokre få frå firmaet som har leia arbeidet, og så har bygdefolk utført arbeid under rettleiing.

Om ein ser på grunnmuren, så legg ein merke til at han ikkje er laga av firkanta hoggen stein slik som blei vanleg her bare 20 år seinare. Ein har brukt tilpassa stein der det er spesielt viktig for å bere tyngda av bygget, og så meir eller mindre bare tetta resten av muren så tolleg med naturstein.



Så kjem det me reint konkret veit på bakgrunn av skriftlege kjelder: Laurdag 26. august 1865 blei grunnsteinen til nykjørka lagt ned. Denne hendinga har me ein detaljert beskrivelse av fordi det finst veldig nøye nedskrive i ei dagbok ført i pennen av Are Olsen Flateland. Lat oss fyrst fortelje litt om han og om dagbøkene hans:

Are Olsen og dagbøkene hans

Are Olsen var fødd på Flateland i Vegusdal i 1838. Me kan lese om familien han vaks opp i på side 152 i Vegusdal gards- og ættesoge. Det finst dagbøker etter han frå perioden hausten 1864 til hausten 1876. Med tek med Arkivverkets omtale av Are og dagbøkene (Dep.nr.1154):

Are Olsen Flateland (1838–1927) var opprinnelig fra Vegusdal. Han var lærer i to år i Vegusdal og tre år i Mykland, før han sammen med sine foreldre og søsken flyttet til Omholt i Øyestad. Han tok da navnet Are Olsen Omholt. På Omholt bygde han nye hus med stor møtesal i andre etasje, og der holdt amtsskolen til ei tid. I 1882 giftet Are Omholt seg med Ragnhild Klemmetsdatter Åneland fra Evje. Hun fødte fire barn, hvorav tre levde opp, men døde selv på barselseng allerede i 1891. Are Omholt flyttet til Bærum i 1900 og reiste senere til Sør-Afrika sammen med sine tre barn. Han døde i Durban.

I 1967 ble tre dagbøker etter Are Flateland levert inn på Statsarkivet i Kristiansand til avskrivning av John Flateland, Birkeland i

Birkenes. Originalene ble tilbakelevert 01.04.1968 sammen med maskinskrevne avskrifter. Ett eksemplar av avskriftene ble beholdt og i 1997 innlemmet i de. Samlingen.

Nedlegginga av grunnsteinen

Lat oss nå sjå kva Are har skrive om nedlegginga av grunnsteinen. Han har skrive om det to gonger, fyrst dagen etter nedlegginga av grunnsteinen, søndag 27. august 1865 og så tre veker seinare, søndag 17. september 1865. Den fyrste av desse søndagane skriv han (litt modernisert i språkdrakta):



Are Olsen Flateland (1838–1927)

I går opplevde jeg den Dag som jeg nu en Måned har gledet meg til, nemlig, da Grundstenen skulle legges til den nye Engeslands Kirke. Det forutønskede gode Vær fikk vi, med Unntagelse av at her blæste temmelig av Vesten og Himmelen var nesten hele Dag betrukket med Skyer, dog at her ikke regnede det minste.

Min Fader, som siste Representant i Kommunebestyrelsen, jeg og min Broder reiste hjemmen fra i Går omtrent kl. 9 Formiddag. Da vi kom 1/2 Fjerdingsvei (14–1500 meter) nær Engesland satte vi oss for om muligens å komme i Selskap med Prosten, da vi visste at han måtte komme samme vei, og vi kunne på Sporene i Veien se at han ikke var kommen, så biede vi der en liden Stund, og se!! Straks kom Presten og hadde til Selskab; Kirkesangeren Jacob Nygaard, Skolelærer Halvor Hjemdahl, Gunder Møklebustad og Ole Ahresen Haugom. Således blev vi et helt Følge til Engesland.

Da vi kom til den nye Kirkegård hadde det samlet seg ikke så få Mennesker. Presten tok inn hos Gunnuf hvor han straks blev vist inn i den østre Stue. En Stund efter kom han inn i den vestre Stue og leste opp det Document eller Beskrivelse, som skulle legges under Stenen hvor Alterfoten skulle hvile. Det var omtrent etter som jeg nu kan erindre og gjengive, omtrent ordlydende således:

«År 1865 den 26de August blev Grundstenen lagt til den nye Kirke på gården nedre Engesland. Den gamle Kirke stod på gaarden Vegusdal. Da den fomedelst sin høye Alder var forfallen, blev det av Formannskapet besluttet at den nye Kirke skulle oppføres på nedre Engesland, for således å blive mere midt i Sognet. G. F. Diedriksen var den tid Prest ved Evje prestekall hvortil Vegusdal hørte, som Anneks.

Sognets medhjelpere var: Lensmand Ommund Olsen Fidjeland og Knud Christensen Løland, Ole Dovland og Ole Gundersen Skredderås var sognets Formenn og Aslak Fjermedal, Kittel Hommen, Ole Stølen, Ole Ditlef Olsen Tvedt, Klemmet Fidje og Ole Ahresen Flateland som representanter. Den blev satt bort til Byggmester Skjøfer (=arkitekt Schauffert) for 1900 Spd.(»)

Her manglar andre hermeteikn i den avskrivne teksta, så me veit ikkje sikkert om bare det første avsnittet eller begge er med i brevet. Are Olsen skriv vidare:

Først blev Salmen I Jesu Navn skal all vår Gjerning skje avsungen, dernest holdt Presten Tale over 1. Mos. 28, vers 22. Så de to første og siste vers av Salmen O hellig Ånd kom til oss ned. Gud la Din rike Velsignelse hvile over dette Tempel, at det bliver til din ære og til ditt Rikes Utbredelse. Amen i Jesu navn.

Tre veker seinare skriv han vidare om hendingane den dagen grunnsteinen blei lagt ned:

Jeg må nu først fortelle ut hva jeg begynte (på) for 3 Uker siden, nemlig Grundstensens nedleggelse til den nye Kirke på Engesland. Da Prosten, den 26de august hadde den Skrivelse, som skulle legges under Grundstenen, blev der besørget for, at der også blev nedlagt, i den samme Blikkeske, hvor Dokumentet skulde nedlegges, nog(le) Pengemynter, nemlig 1/2 Spd. 1/4 Dr. 1 a 12 Sk. 8 Sk. 4 Sk. 3 Sk. 2 Sk. 1 og 1/2 Sk. Da dette var nedlagt blev Låget til Esken, av Byggmesteren, klinet med Kitt rundt Åbningen, nok for at Luft ikke skulde trenge inn, og tære på Skriftet.

Strax begav alle seg hen til Stedet, hvor Kirken var begynt å skulle oppføres. Det var muret rundt og de første Sviller var lagt. På den

nordre Side midt for der Alteret skulde stå, var der oplagt nogle Bord, hvorpå Presten stod og holdt Tale. Først sang Kirkesangeren Jacob Nygaard, Salmen «I Jesu navn skal all vor Gjerning skje». Derpå holdt Prosten en vakker tale så at mange av de tilstedeværende beveget indtil Tårer. I sin Tale begyndte han med Bøn til Gud, derpå utlagde han Stedet i første Mosebog, 28 C. 22 V. «Da skal denne Sten, som jeg har opreist til Kjendemerke, være et Guds Hus;» Så sluttede han sin tale også med Bøn, om at velsigne også dette påbegynte Tempel, give dette fattige Sogn Kraft og Styrke, til å fullføre hvad de nu havde begynt, og oså Byggmesteren måtte blive styrket av Gud under det meget Arbeide han havde der påtaget seg; At enhver Stolpe enhver Bjelke og Alt hvad der skulde til, måtte blive opreist og udført i Guds Navn og til hans, som også det hell(ig)e Tempel, måtte blive en sann Helligdom for Vårherre.

Så lagde Prosten den omtalte Blikkeske ned mellom 4 små Stener, så (blev) en temmelig stor flad Sten lagt, av Byggmesteren og nogle andre, ovenpå. Så tilpakkede han rundtom den med Jord, derefter blev de 2 første og det siste Vers av Salmen «O Helligånd kom til oss ned» avsungen. Så begav man seg strax derfra, og mange tror jeg visst med et dypt Inntrykk i Hjertet.

Ja, slik gjekk det altså føre seg då grunnsteinen blei lagt ned 26. august 1865, litt under to år før kjørka blei vigsla i juni 1867. At dei bad og song, og at presten heldt tale, er vel ikkje noko me stussar over. Ei heller at det blei lagt ned grunnstein, slikt er i alle fall vanleg også i dag. Men at det ligg ei eske med eit skrive dokument og eksemplar av mynter under, eller som del av grunnsteinen, kjem meir som ei overrasking på oss, kan hende?

Men eigentleg treng me ikkje vere så overraska over at det ligg dokument og myntar under grunnsteien. Tradisjonen med å legge myntar i grunnsteinen går tilbake til antikkens Hellas. I Noreg er det under arkeologiske utgravingar funne myntar i botnen av stolpehol på stavkjørker frå 1100-talet. Det er ei kjent sak blant myntsamlarar at under grunnsteinen til stortingsbygningen, som blei lagt ned i 1861, ligg fleire svært verdifulle myntar. Hos oss er det lagt inn eit dokument som fortel om bakgrunnen for bygget. Andre stader er det lagt inn meir formelle dokument knytt til bygget, ein har også døme på at det er lagt inn avis eller andre «samtidsvitne».

Ved nedlegging av grunnstein er det også vanleg at det er ein æresgjest.

I dag er det vanleg at æresgjesten tek det fyrste spadetak. Tidlegare var oppgåva til æresgjesten å sette grunnsteinen fast, til dømes ved å forsegle han med mørtel. Æreshandlinga i vårt tilfelle er å forsegle blikkeska med kitt for verge innhaldet, og det å legge det flate hella over steinromet der blikkeska ligg. Æresgjesten er altså byggmeisteren, Schauffert frå Arendal.

Det står også noko om reisa heimover etter at «man hadde begitt seg strax derfra» (utan modernisering eller justering av språket hans):

Provsten ønskede samme Aften at rese til Brixaaasen og da han ønskede at have Følge med nogle, som var kjendt Veien reiste min Far, min Broder og Jeg samme Vei Enskjønt vi vare ikke saa ganske vel kjendte, traf vi Veien med undtagelse, at, vi kom for høit i Heiene, saa vi maatte tilbage et Stykke og tillige ned efter før vi kom til Engeslands Øigar siden traf vi meget godt Veien, jeg maa ogsaa her anmærke, at der var en Myr, som Veien førte over, og der maatte de lede Provstens hest over, medens jeg tjente ham som Hest idet jeg bar ham paa min Ryg over Myren. Da vi kom over sagde jeg: Ja dette skal jeg ikke saa let glæmme, at jeg har baaret Provest Dietriksen. Hertil han svarede: Jeg skal heller ikke hastig glemme det. Saa kom vi til Brixaaasen omtrint Kl. 7 om Aftenen, Ole reiste hjem med vaar Hest; men jeg og far var der om Natten. Den anden Dag som før anmerket, var 11te Søndag, var der preken ved Vegusdal, reiste jeg og Provsten lit i Forveien saa gik vi Side om Side og talte helt til vi kom nær med Vegusdal, da steg han paa Hesten og red hjem til Kirkegaarden. Denne dag, som ellers prædikkede han meget kraftig over Dagens Evangelium, hvilket handler om Fariseren og Tolderen.

Dette må bety at vegen om Tvørevatnet ikkje var ferdig i 1865. Men det er denne ruta dei har forsøkt å gå sidan dei kom om Engeslands Øygdard. Denne ligg 2-300 meter vest for Vrengetjørna, ei lita myrtjørn på vestsida av vegen om lag 500 meter mot Vegusdal frå Stemlona.

«VERDA» KRING ENGESLAND RUNDT BYGGETIDA

Litt om geografiske tilhøve

Vegusdal sokn hørde altså under Evje prestegjeld då bygginga av ny-

kjørka gjekk føre seg, og fram til overgangen då Mykland, Herefoss og Vegusdal blei slått saman i 1875. Evje prestegjeld omfatta på den tida Evje sokn, Hornnes sokn, Iveland sokn og Vegusdal sokn, og prestegarden lå på Evje prestegard. Me tenker på Evje som det opplagte sentrum for Evje prestegjeld, men me må hugse at på 1860-talet var der enno ikkje noko sentrum på Evje. Med tek med litt frå historia om Evje:

Evje-bygda var på denne tida ei bondebygd, slik som Vegusdal. Gardane låg spreidde, med Evje prestegard som ein sentral, gammal storgard. Der Evje sentrum er nå, var det lite eller ingen bebyggelse før 1877. Gruvedrifta på Flåt kom for alvor i gang i 1872, og dette gav smått om senn grunnlaget for etablering av eit sentrum. Startskotet for Evje sentrum er at raffineriet blei bygd ved Fennefossen. Dermed kom arbeidsplassar og arbeidarar. Med arbeidarar kom familiar. Med familiar kom trong om mat, klede, skule og infrastruktur. Men altså, dagens Evje var bare eit hus hist og her. Det kom nokså raskt bru over Otra, bakeri og hotell. På 1860-talet var dermed nær sagt ein kvar stad i Vegusdal like sentral som Evje. Om ein skulle tale om eit sentrum, måtte det vere Dåsnes, men det var på hi sida Otra, og dermed i ei anna verd.

Me kan illustrere, kan hende endå klarare, med å omtale administrasjonen i Evje herad, som Vegusdal hørde under frå formannskapslova kom i 1837 og fram til Vegusdal blei eigen kommune i 1877: To sentrale skikkelser var naturlegvis ordførar og lensmann. Ei anna svært viktig og krevande stilling var det å leie forlikskommisjonen; i dag er det rart at dette var ei kommunal oppgåve. Lat oss sjå på åra 1864–1865. Ordførar i Evje heiter Olav Eilevson Dovland, Der oppe på Dovland, medan lensmann er Ommund Olson Fidjeland, på Nedre Fidjeland. Som om ikkje det er nok, er forlikskommisjonens formann Gunnar Asmundsen Dovland, Der heime på Dovland. I dagens språk kan ein seie at administrasjonssenteret i Evje i 1864–65 var Dovland/Fidjeland.

Vegar fanst ikkje, anna enn at ein hadde funne og opparbeidd nokre ruter der det gjekk an å ta seg fram med hest, sjølv om ein



Ordførar Olav Eilevson Dovland, fødd på Gjerustad i 1816, død på Dovland i 1872.

nok måtte av hesten på nokre bratte eller blaute stader. Kyrkjevegane, som me tek føre oss i neste kapittel, er døme på slike vegar. Køyring med vogn høyrer framtida til i Vegusdal på 1860-talet. Varetransport måtte foregå med slede på godt vinterføre, og vegen sørover for store deler av Vegusdal var å utnytte isen på Ogge.

Kva ein kunne lage sjølv og kva ein trong utanfrå

I husa hadde folk kakkelowen til oppvarming, og dagslys hadde dei gjennom små og større glasvindauge, alt etter når husa var bygde og økonomisk stode. Men lys i vinterkveldane var det verre med. Talglys, gjerne i ei lampe for at det ikkje skal blafre for mykje, gjev noko lys, men bare så vidt ein kan sjå å arbeide. Ikke rekk det vidt heller. Til arbeidslys i romet hyslyden sat om kveldane blei det brunne tyrispik på ei jernplate, gjerne framfor kakkelowen. Dette gav eit kvasst, gul-blått og brukbart arbeidslys, til spinning, til vøling av reidskap og til syng av klede og skor.

Stefan (Staffen) Fidjeland, fødd 1864 på Nedre Fidjeland, fortel at han som gutunge hadde ansvaret for å halde god fart i tyribålet, så alle i romet hadde godt arbeidslys. Dette kunne fort vere 10 vaksne folk som sat og arbeidde kva med sitt. Denne «stillinga» blei kalla Lyseper. Men ettersom 1870-åra skreid fram, blei det mindre og mindre bruk for Lyseper sittande på golvet. Lyseper blei avløyst av ei oljelampe, hengande godt plassert i taket slik at huslyden kunne site i ring under og halde fram med det meste av dei same syslene som då Lyseper fyrte tyribål.

Me veit ein del om korleis varetransport til Vegusdal føregjekk litt seinare enn 1860-talet, men så tidleg blir det mykje gjetting. Fyrst, kva var dei viktige varer som ein måtte få andre stader frå? Alt ein kunne lage



Stefan (Staffen) Ommundson Fidjeland (1864–1956).

sjølv, laga ein sjølv. Det ein kunne dyrke, dyrka ein. Men ei vare var viktigare enn det meste anna, nemleg salt. Korn, bygg og havre, blei dyrka på gardane, og ein prøvde til kvar tid å ha kornreserver for tre år. Men det er klart at av og til måtte det nok kjøpest korn. Både væte og tørke kan redusere ein kornhaust mykje, det same er det med ei uheldig frostnatt. Klede var laga av ull, helst i form av vadsmål for å vere både varmt og slitesterkt. Sko og anna lerverk blei laga av kuskinn, garva med eikebork. Til å halde varmen i senga kunne ein bruke

samansyddde saueskinn, feller. Reidskap blei laga av tre, og forsterka med heimesmidde beslag. Dermed er me framme med ei anna vare ein måtte importere, når ein ikkje lenger bare kunne smi om noko, nemleg jern. Og glas til vindauge, samt kakkelownar, måtte au kome utanfrå.

I Vegusdal var det ikkje storgardar og rikfolk, slik det var der naturen gjev rom for det. Rett nok var det adskillig romslegare på nokre gardar enn på andre, men sjølv hjå den rikaste i Vegusdal var sukker og kveitemjøl bare unødvendig luksusvare. Ville ein vise at ein hadde meir enn andre, var nok varer som utanlandsk tøy det ein fyrst ville tenke på. Brokade finn ein døme på i traktene her frå fyrste halvdel av 1800-talet.


Allmennkunnskap og vegdølane i si samtid tidleg på 1800-talet

Fyrste tendens til organisert skule kom med lova om obligatorisk konfirmasjon av 1736. For å kunne bli konfirmert måtte ein demonstrere noko memorert kunnskap, men å kunne lese eller skrive var det nok bare nokre få som lærte. Det finst eit referat frå eit skulemøte i Vegusdal i 1765. Her får me greie på at det er to skulelærarar i Vegusdal og at skuleåret er frå 1. november til jul og frå 12. januar til ein kan byrje å pløge. Meir informasjon kan ein finne i kultursoga, side 134–135. Det var bøndene sjølve som betalte lærarane gjennom ein skuleskatt som to valde vegdøler skulle kreve inn.

I 1827 kom ei ny skulelov, med 7 års skuleplikt for alle. Framleis hadde ikke lærarane noko utdanning, og framleis var det omgangsskule. Vegusdal var delt i tre krinsar, og skulen var ei veke på ein gard, så ei veke på neste gard og så vidare slik. Mange var så fattige at dei ikkje hadde klede og sko til alle borna samtidig. Då måtte dei det ikkje var klede eller sko til vere heime, og heller få kleda og skoa ei anna veke.

I 1845 hadde biskopen ein sjekk på tihøva. Kunnskapen var gjennomgåande tilfredsstillande i austre og vestre distrikt, medan det sto skralt til i søndre distrikt. Dette betyr at borna jamnt over kunne lese og skrive godt, og forsto det dei las, i to av områda. Ein ny lærar var sett inn i det tredje området året før, men hadde ikkje rukke å få skikk på sakene enno.

Lesing, skriving, rekning og kristendomsopplæring med song var faga, med dei to fyrste og litt historie nærast som biprodukt av det siste. På 1850-talet veit me meir om lærarane i dei tre skuledistrikta, som nå var kalla søndre-, vestre- og nordre rode. Desse tre var Halvor Heimdal (1831–1922) i søndre rode, Ommund Fidjeland (1821–1889) i vestre rode og



Halvor Heimdal




Ommund Fidjeland



Lærarskrinet til Jacob Nygaard

Jacob Nygaard (1829–1871) i nordre rode. Ingen av dei hadde noko utdanning, men var nok som før plukka ut av presten som ekstra lærenemme og kunnskapsrike under konfirmasjonstida. Ommund Fidjeland var, i fylgje sonens memoarar, nokre veker i Kristiansand for å lære å spele på salmodikum. Denne Ommund er utan samanlikning den vegdøl som har sett mest spor etter seg på 1800-talet, og må ha vore ein svært intelligent og kreativ type. Likevel, å spele på dette instrumentet blei det ikkje noko meir av. Jacob Nygaard var og ein presten la merke til, dermed blei det ein vinter hos den nå sprenglærde Ommund Fidjeland til lærarutdanning. Om denne vinteren sa Jacob noko slikt som at det einaste han ikkje visste så nøyte frå før, var korleis vedskogen på Fidjeland såg ut.

Det var altså så som så med skulegang for vegdølane. Adskilleleg betre



Kjøbt hos Grøntoft ... Bonden «under fjellet» på Myklebostad kunne heilt klart skrive i 1807.

blei det då det kom grendeskular. Men då ny-kjørka var under planlegging og oppføring, låg den fyrste grendeskulen enno 15 år fram i tid. På same måten som med ny-kjørka, var det private middel som i all hovudsak finansierte grendeskulane. Men i 1860 kom ei ny skulelov, der finansieringa gjekk via kommunen og kommunen fekk tilskot frå amtet.

Trass i at det var lite skulegang, så finst det likevel mange teikn på at svært mange i Vegusdal kunne lese, og til dels skrive også. At mange kunne lese tidleg, kan me sjå av at det fanst bøker, helst huspostiller, på dei fleste gardar allereie kring år 1800. I desse kan ein typisk lese noko slikt som «Denne bog kjøbte jeg i Christianssand hos Grøntoft Aaret 1807 og den koster 2 rd 6 mark 8 sk» Og så underskriven med dato, stad og nametrekket til den stolte eigar av ei ny bok.

Det altoverskyggande problemet i Noreg fram til langt inn i nyare tid var matmangel og problemet med å produsere nok og god nok mat. Ein viktig tanke var at auka allmenn kunnskap kunne bidra til auka kunnskap også om det å produsere mat. Kombinasjonen krig i Europa (Napoleonskrigane, der Danmark/Noreg var på Napoleon si side) og fleire uår på rad i Noreg, gjorde at folk døydde som floger i perioden 1807–1815. Av dei som ikkje døydde, lei dei fleste av sult og mangelsjukdommar. Problema toppa seg med at Sverige og England (som var på den andre sida i krigen) blokkerte kornimport til Noreg.

Det var denne perioden som gjorde at folk verkeleg fekk augo opp for verdien av potetdyrking. Hadde potetdyrking vore i bruk ved inngangen til denne perioden, ville det ikkje gått så gale. Det hadde i 1807 vore arbeid i mange tiår med å få folk til å dyrke poteter, men det måtte altså mange element til for å få sving på potetproduksjonen. Auka allmennkunnskap og lokking og truging frå prestane hadde gjort sitt. Minnet om uåra og kornblokkaden gjorde sitt. Hans Nielsen Hauge og hans folk spreidde bodskapet om poteta si nytte, saman med forkynninga si. Sakte men sikkert kom potetdyrkinga i gang, også i Vegusdal. For seint til å redde krisa i 1807, men tidsnok for mange andre vanskelege år. Litt seinare skulle ein ny, stor motivasjon for å dyrke poteter kome, nemleg det å kunne produsere brennevin. Me kjem tilbake til dette i samband med andre tema.

Vegusdal på 1860-talet og det å få ny kjærke

Me har altså sett at Evje sentrum måtte vente i ti år enno, og at Vegusdal var like sentralt som elles i prestegjeldet Evje. Anna enn ridevegar og



Frå grendeskulen på Heimdal.

ein slags skramleveggar til sledekøyning fanst ikkje. Varetransport gjekk i all hovudsak føre seg om vinteren. Av praktiske ting så har me sett at folk skaffa seg arbeidslys ved å brenne tyri på golvet, men at oljelampa kjem i bruk om få år og blir vanleg i løpet av 10-20 år. Folk flest kunne lese og skrive noko, og mange kunne det

riktig bra. Skulen var organisert sidan cirka 1840 og foregjekk på omgang i heimane, typisk ei veke på kvar gard. Grendeskulane skulle sjå dagens lys frå 1880. Folk laga, praktisk talt, alle kleda sine sjølve, dyrka bygg, havre og poteter. Og sikkert erter. Ein brukar rekna at potetdyrking var så utbreidd på 1860-talet at også kreatur i nokon mon blei fora med poteter.

I denne tida var det altså at allmogen i Vegusdal også kunne vere opptekne av organiseringa av prestegjeldet dei høyrde til, og sende brev om dette til kongen i Stockholm. Eller kan hende rettare sagt, sende brev til kongen ved at nokon organiserte at det blei laga, signert og sendt. På denne tida var det vegdølane gjekk saman om å finne ny plassering av kjørka, som då i sikkert 800 år hadde ligge på Vegusdal. Det visste ikkje dei, men dei visste at dei endra på ein utgammal tradisjon ved å flytte kjørkestaden.

Me kan ikkje sette oss inn i kva folk tenkte eller kjende då dei kom til gudsteneste for at nye Vegusdal kyrkje skulle innviast i 1867. Men me veit litt om konkrete tilhøve dei levde under. At kjørka hadde ei voldsom makt over folk, er heva over ein kva tvil. Kyrkja representerte noko av det lille ein fekk sjå av overklasse og rikdom med sitt sylv, ljøs og språk. På same tid representerte ho skræmsle om det hinsidige og eit temmeleg brutalt syn på kva menneske er, spesielt dei langt nede på rangstigen, samanlikna med dei høgare oppe, og ikkje minst Gud sjølv. Men kjørkebygg, kjørkehandlingar og ikkje minst gravstad har alltid vore samlande. Det er grunn til å tru at også den dagen i 1867 kjende dei fleste det som høgtidssamt og samlande ved det å få ny kjørke.

Litt om gudstenesta gjennom tidene

Det er mange ting me kan spørje oss om når det gjeld gudstenestene for lenge sidan. Kor tidt var det gudsteneste og kva hende typisk, er jo noko ein kan lure på. Om me kikkar litt i gamle kjørkebøker, som me finn online på Digitalarkivet, og som for Vegusdal startar i 1704, kan me raskt lage oss ei lita oversikt over kor mange gudstenester, kor mange fødde og kor mange døde. Me har plukka 1715 som eit tidleg år, så 1750, 1800, 1810 (i den fæle perioden 1807–15), 1850 og 1868 (som fyrste år med ny-kjorka):

År	Guds- tenester	Døypte	Gravlagde	Vigde par	Prest
1715	17	9	4	1	M. Blix
1750	20	13	11	5	H. Shiøtte
1800	15	10	11	3	P. G. Mandall
1810	14	15	23	3	N. Støren
1850		18	18	6	K. O. Knutzen
1868		29	24	4	G. F. Dietrichson

Når ein les denne oversikta, er det nokre fakta det er nyttig å kjenne til:

Det var svært om å gjøre å få døypt dei små borna, og dette skjedde i regelen under gudsteneste om lag ein månad etter barnet var fødd, eller så snart det kunne la seg gjere. Verka barnet svakt etter fødselen, blei i ein lang periode heimedåp utført, typisk «døbt af faderen», og så blei denne dåpen stadfesta i ei gudsteneste seinare dersom barnet levde opp. Kven som er døypt er oppført i kjørkebøkene, med farens namn og etter kvart også namnet på mora og fadderar.

Gravferder var noko folk heldt sjølve, utan prest. Men i samband med kvar gudsteneste blei det «kastet jord paa» dei som var gravlagde sidan sist gudsteneste. Og kven det er kasta jord på, er notert i prestens, og seinare også klokkarens, kjørkebok.

På 1700-talet var det i tillegg ein seremoni med at presten «introduce-rede» kvinner fyrste gudstenesta etter at dei hadde fødd. Dette var resultat av eit gammalt tankegods om at barn er avla i synd og at kvinna er urein i høve alt dette med å vere gravid og å sette barn til verden. Introduksjon var lovpålagt fram til 1754, og etter det juridisk frivillig. Men mange prester dreiv denne skikken vidare, godt etter 1754.

Om ein vil undersøke sjølv i kyrkebøkene, eller ministerialbøkene som prestens versjon av kyrkeboka heiter, er det i tillegg nyttig å ha denne oversikta:

<i>Periode</i>	<i>Kyrkebok, M=Ministerialbok</i>
1704–1779	M A1-06. Fødde, vigde og døde i Vegusdal sokn. Konfirmerte er ført vekselvis for heile Evje prestegjeld i bøkene for Evje, Hornnes, Iveland og Vegusdal sokn.
1780–1816	M A2-03. Fødde, vigde og døde i Vegusdal sokn. Konfirmerte er ført vekselvis for heile Evje prestegjeld i bøkene for Evje, Hornnes, Iveland og Vegusdal sokn.
1816–1874	Evje M A4. - Fødde og døde 1816–1839 - Konfirmerte 1817–1835 - Vigde 1816–1840 Evje M A5-A6. - Fødde, konfirmerte, vigde og døde 1843–1874
1875–1886	M A3-03. Fødde, konfirmerte, vigde, døde og utflytta i Vegusdal sokn.
1887–1909	M A4-05. Fødde, konfirmerte, vigde, døde, dødfødde og utflytta i Vegusdal sokn.
1910–1932	Manglar, sjå klokkarbok.

Til kontroll og utfylling der kyrkebok manglar, har me klokkarens bøker:

<i>Periode</i>	<i>Klokkarbok, K=klokkarbok</i>
1816–1842	K B1. Fødde, konfirmerte, vigde og døde i Vegusdal sokn.
1843–1848	Manglar klokkaren sine føringar frå denne perioden.
1849–1879	K B1-03. Fødde og døde i Vegusdal sokn.

<i>Periode</i>	<i>Klokkarbob, K=klokkarbob</i>
1879–1894	K B2-03. For Vegusdals sokn - Fødde og døde 1879–1894 - konfirmerte 1879–1893 - vigde 1879–1891
1892–1917	K B3-04. For Vegusdal sokn - fødde, konfirmerte og døde 1894–1917 - vigde 1892–1917
1917–1933	K B4-03. For Vegusdal sokn - fødde 1917–1932 - konfirmerte og døde 1918–1932 - vigde 1918–1933

Denne tabellen, med lenker direkte inn til k rkeb kene, ligg au p 
<http://www.vegusdalmal.no/kj rkeb.html>

Kyrkja i Vegusdal etter 1867

ME HAR FOR DENNE perioden, som gjeld den kjørka me nå feirer 150-års jubileum for, valt ut nokre emne me vil gå nærare inn på.

VEDLIKEHALD, PÅKOSTINGAR OG RESTAURERINGAR

Som me ser av framsidebildet, er tårnet ombygd etter 1946. Elektrisk lys blei lagt inn i 1948 då mesteparten av Vegusdal fekk elektrisitet. I 1956 kom det forlenga, nytt sakresti. I perioden fram mot 100-årsjubileet i 1967 blei det gjort store endringar ved at vindauga er skifta, kjørka fekk ny kledning både utanpå og inni, det svært gisne golvet blei skifta til moderne furugolv av smale bord. Så blei det lagt inn elektrisk varme slik at det ikkje var trong om omnar og vedfyring lenger.

Orgelet kom på plass sommaren og hausten 1968. Det var firmaet Vestfold Orgelbygg, som fekk oppdraget etter at det hadde kome fleire anbud. Fagleg konsulent var domorganist Bjarne Sløgedal. Orgelet blei innvia 1. desember 1968 med konsert av Sløgedal. Prisen på orgelet var heile 42 000 kroner, og desse pengane var sett av til formålet av Vegusdal kommune, før samanslåinga med Herefoss og Birkenes i 1967. Til samanlikning kosta ei Folkevogn «boble» VW 1300 16 000 kroner og ein Volvo Amazon 26 000 kroner i 1968. Ein må nesten tru at det var nokre som drog på smilebandet då Sløgedal under opninga sa «Vegusdal kyrkje har nå fått eit billig og godt orgel».

For dei meir teknisk/musikalsk interesserte, så har dette orgelet to manual, fullt pedalsett og 12 stemmer. I tillegg kan manuala koplust saman for å gi større volum og fylde i tonane. Eit pipeorgel fungerer, veldig enkelt sagt, ved at fløyter av ulik diameter og lengde står plassert oppå små ventiler (sløyfer) på eit felles luftrøyr (sløyfeladen), der lufta har eit visst trykk. Ein sløyfelade for kvar stemme. Nå tangenten blir trykka ned,



Kyrkja inni like etter krigen.

opnar ventilen seg, luft bles inn i fløyta, og det kjem lyd. Desse ventilane er kjenslevarer greier. Ein har hatt problem med ventilar som ikkje lukkar seg ordentleg når tangenten går opp, og då blir denne tona ståande og pipe. Dette er ikkje moro for organisten som då må prøve å få slått av den stemma som pipa er knytt til. I ei kjærke som står tom mykje av tida, vil ein ha store variasjonar i både luftfukt og temperatur. Dette er ikkje slik orgelet helst vil ha det!

Parkeringsplass

I alle år etter at folk kjem med bil til kjærke har bilane blitt parkert langs riksvegen, frå kjærka og vestover mot bedehuset. Og gjerne på begge sider. Sjølv sagt var ikkje dette noko optimal løysing. I mange år blei det arbeidd med å finne alternativ parkering. Løysinga blei å lage ein parkeringsplass austanfor kjærka, med innkøyrsløse omtrent ved veggen opp til «Der aust». Til dei fleste høve tek denne plassen unna for bilane. Men somme tider, når det er riktig mange til kjærke, lyt ein stadig parkere langsetter riksvegen. Og så veit ein jo at det er vanskeleg å lære gammal hund å gøy; i alle fall står det framleis bilar etter veggen sjølv om den nye parkeringsplassen bare er halvfull.

GRAVPLASSAR

I perioden frå 1867 og fram til i dag, så har Hovlandsdalen brukt gravplassen på Vegusdal medan resten av Vegusdal sokn har brukt gravplass på Engesland. Gravplassen på Vegusdal gjennomgjekk ei utviding då Vegusdal kapell blei bygd i perioden 1970–1974 (tomtearbeidet starta sommaren 1970, og vigslinga var 24. november 1974).

Kjørkegarden på Engesland viste seg å bli ei utfordring. Her er i grove trekk historia at gravplassane var nær ny-kjærka frå 1867 til litt utpå 1890-talet. Så slutta ein å bruke denne gravplassen på grunn av dreneringsproblem. Det blei då laga gravplass på Haugvadbakken, nedanfor Brubakken, ved Engeslandsåna. Kring 1940 kunne gravplassen ved kjærka igjen bli tatt i bruk, og dei to gravplassane blei brukt parallelt. Nå er det praktisk tala bare gravplassen ved kjærka som er i bruk, men Haugvadbakken blir halden i stand og er ein riktig så idyllisk stad under store furutre. Lat oss sjå litt meir detaljert på desse periodane:

Perioden fram til 1890 ved kjørka

Då kjørketomt blei vald tidleg på 1860-talet, hadde ein heilt sikkert au kjørkegard med i planane. Men alle som har forsøkt å bygge noko, veit at det er ikkje alltid ein gjer rette vurderingar. Slik var det og ved nykjørka. Etter at dei hadde brukt gravplassen, som låg nesten som ein sirkel kring kjørka, forsto dei at store deler av området ikkje var veileigna. Jorda er djup men ho er ikkje leiddrenert. Dette har å gjere både med jordtype og hall.

Nokre gonger blei det ståande vatn i grava etter at ho var spadd opp. Ein kan lett forestille seg kor utriveleg dette var når dei visste at kista skulle settast ned i eit vatnhol. Å få ut vatnet frå gravplassen ville innebere grøfting djupare enn gravdjupde, dvs. ein måtte ha laga grøfter meir enn to meter djupe. I kva grad dei kjende til dreneringsteknikk, er litt uvisst.

Løysinga dei tenkte seg ser ut til å vere å legge til eit meir hallande stykke. I alle fall finn me i møteprotokollen for Vegusdal heradsstyre 30. januar 1890 at

Enstemmig besluttedes indkjøbt til Udvidelse af Kirkegaarden paa Engesland 4 x 26 Favne langs det østre Gjerde, tilhørende Siri Engesland.

Kvar nøyaktig dette gjerdet sto, er ikkje så godt å vite. Truleg gjekk det i retning nord-sør omtrent der sakrestiet endar i dag. Uansett gjeld vedtaket mark med godt hall, i motsetnad til området vest for kjørka. 4 gonger 26 famnar svarar til om lag 7.6 gonger 48 meter, det vil seie breidde for 2 gravrekker og kring 40 gravar i kvar rekke.

Dessverre var ikkje det gode hallet på området bare ein fordel. Eigaren av Der Aust på Engesland, Siri, som dei ville (tvangs-)kjøpe området av protesterte til Ordførar Klepsland. I protokollen for heradstyret 15. september 1890 kan me lese at

Eiersken anfører som Grund til Protesten at en udvidelse som besluttet vilde føre tilsig fra Kirkegaarden til den Vandkjelde hvorfra hun henter Drikkevand.

Og løysinga kjem med det same, så dei må ha hatt ein plan B i bakhand.

Da Herredsstyrelsen fandt denne Protest begrundet, besluttedes mod 1 – en – Stemme at indkjøbe af Ole Jakobsen Engesland den saa kaldte

Haugevadbakke, der ligger et lidet stykke fra den nu brugelige Kirkegaard ved Kirken.

Men dei visste at plan B ikkje var populær hos Ole Jakobsen:

Da eieren imidlertid ikke godvillig vil overlade bakken til Begravelsesplads, maa Herredsstyrelsen benytte sig af Lov om tvungen Jord afstaaelse for ved Takst at faa fastsat Prisen. De øvrige tilstødende Eiere negtede ogsaa at overlade tilstrækkelig Udvidelse og fandt Herredsstyrelsen at hin Bakke med sin tørre og sandige Jordbund var langt at foretrekke for en Udvidelse ved Kirken hvor Jordbunden er meget sumpig og vandfuld.

Dermed blei Haugvadbakken kjøpt.

Haugvadbakken, kjøpt 1891


Allereie i mars 1891 er det ført i heradstyreprotokollen at det er anvist kroner 100,- til Ole Jakobsen og kroner 100,- til Ole S. Aas «for Indhegning av do (ditto)». Ole Jakobsen var eigar av Brubakken i perioden 1882 til 1894, Ole S. Aas hadde kjøpt bnr. 6 på Ås seks år tidlegare.

Den 16. november 1891 er igjen Haugvadbakken nemnt i heradstyreprotokollen:

Da hjelpekirkegaarden paa Engesland nu er innviet, og den gamle kirkegaard allerede er overfyldt, fattes enstemmig følgende Beslutning: Fra i dag og indtil annerledes bestemmes skal det være forbudt at begrave Sig paa kirkegaarden omkring kirken paa Engesland.

Og så vidt me veit, var det bare Haugvadbakken som blei brukt som gravplass i perioden 1891 til 1940. I kor stor grad Haugvadbakken var opparbeidd i 1891 veit me ikkje. Men ein må vel tenke seg at det, i alle i nokon grad, var opparbeidd mark. Elles skulle ein tru at utgiftene ved å ta i bruk området skulle vore større. Men det blei laga ei steinramme rundt området, med ein pen innkjørsel i nordkanten. Sigurd Belland har skrive om Haugvadbakken i 1985 at dei tre store furuene som står på kjørkegarden var store allereie då gravplassen blei teken i bruk. Så rein dyrka mark kan det ikkje ha vore heller. Sigurd fortel også at murane måtte vere så høge at ikkje dyra kom inn. Haugvadbakken låg nok i eit beiteområde for buskapen på Brubakken.

I denne perioden blei det meir og meir vanleg å reise gravminne, anten



Engesland, sett frå lia bak Der oppe, med kyrja til venstre, Brubakken til høgre, og garden Tveit i bakgrunnen. Både sethuset Der Oppe og stallbygningen på Brubakken, heilt til høgre i bildet, står i dag på Iveland og Vegusdal bygdemuseum. Av blidet ser me kva område som var i bruk som gravplass vest for kjørka. Bildet er frå ca. 1912 og er lånt av Olav H. Aas.

ein stein eller eit kors av jern, sjølv om dei aller fleste som er gravlagde i Haugvadperioden 1891–1940 ikkje fekk noko varig gravminne. Sigurd Belland skriv at det var vanleg å sette opp eit trekors, men at slike raskt rotne ned. I ein del tilfelle blei det laga ei ramme av metall eller stein for å markere nøyaktig kvar grava var. Spesielt kan ein legge merke til dei mange barnegravene som er ramma inne.

Elise Landrud, f. Skripeland kan fortelje at ho som jente fleire gonger var med «mor» Elise Fidjeland (1887–1963) til gravene på Haugvadbakken. Gamle Elise budde på Tveit og hadde mista tre småjenter i perioden 1910–1920, samt mannen Gunnar Fidjeland i 1925. Ho visste akkurat kvar alle låg, men sa at stein ikkje var til å tenke på, det kunne dei ikkje finne råd til. I dag kan me framleis finne kvar Gunnar ligg, ved eit enkelt gravsøk på internettsidene til Den Norske Kyrkja.

Haugvadbakken ligg 3–400 meter frå kjørka. Men han ligg like ved Varpevegen, altså hovudvegen frå Vegusdal til Grovane. Slik sett låg han adskilleg meir sentralt då han blei bygd, enn nå. Men i dag ligg han som

ein utruleg fredfull og idyllisk gammal kyrkegard, ein liten bakke på kring 3 dekar, der elva suslar forbi og i livd av store, gamle furukronar.

Namnet Haugvadbakken er ikkje frå 1891. Namnet kjem av at bakken ligg ved Haugvadet, der folk og fe kryssa Engeslandsåna før det kom bru. Og at det heiter Haugvadet, er den som tek seg ein tur dit ikkje i tvil om; vadet ligg ved ein stor haug. Denne haugen har vore undersøkt og viser seg å vere ein gammal gravhaug.

Haugvadbakken blei og omtala som «den nye kjørkegarden», også etter at han gradvis blei fasa ut frå 1940 og utetter.

Ny gravplass tatt i bruk 1940

Mot slutten av 1930-talet var gravplassen oppe ved kjørka utbeta og utvida. Det blei djup-drenert rundt kjørka, og området blei betydeleg utvida, til den storleiken kjørkegarden har nå.

Den fyrste som blei gravlagt etter denne utbetringa var Thomas Bakke (1857–1940). Thomas hadde vore ein trugen kjørketenar i ein mannsalder. Han budde i Bakke, og husa han budde i sto akkurat der barnehagen ligg nå. Olav H Aas fortel: «Det var på ettervinteren 1940. Det kunne se ut som det kunne bli krig. Thomas Bakke hadde vore nede til butikken og kjøpt ein 50 kg sekk med kveitemjøl. Det var sprengkaldt og han drog sekken på ein kjelke. Han klarte å komme inn i ganga med sekken, men så fall han død om. Hjertet tolte ikkje dette slitet i denne kulda».

Etter at det kom motordrivne plenklypparar, har kjørkegarden vore halden som ein vanleg plen. Frå midt på 80-talet har også Haugvadbakken vore slegen med plenklyppar. Frå om lag 1990 har ein brukt plenklyppar ein kan sitje på.

Graving foregår og med maskin, ein minigravar. Slik har det vore dei siste 15–20 åra. Før var graving ofte både tungt, vrient og uforutsigbart. Tungt var det sjølv om det var grave der frå før, og var det ei ny grav, kunne det vere ein verkeleg hard jobb å hakke seg gjennom lag av blåleire. Om vintrane er det gjerne ein halv meter tele i marka. Men kring 1960 kom det elektriske tineapparat som gjorde at ein i det minste ikkje trong sloss med klake lenger. Andre overraskingar kunne vere svære stein, sjølv på kjørkegarden nær kjørka. På dei andre kjørkegardane er det også store røter og, endå verre, fjellryggar.

Sommaren 2015 blei det bygd garasje og reidskapsbu tilhøyrande kjørka. Ved graveoppdrag nå, kan gravaren hente bilen sin i gravaren sin

garasje og så hekte på minigravaren som står klar på hengeren i minigravaren sin garasje. Systematisk, effektivt og greitt!



Den nye reidskapsbua ved den nye parkeringsplassen.


KYRKJA SOM ARBEIDSSTAD

Prestar

Rekka av prestar som har hatt Vegusdal sokn som sitt kall er kjend frå 1537 og fram til i dag. Om denne rekka av prestar kan ein lese i Kultursoga for Vegusdal, side 99–113. Her tek me bare med dei som har hatt kjærka på Engesland som arbeidsstad. Som me har høyrte i fleire samanhenger, var det Dietrichson som var sokneprest i Evje då nykjørka blei oppført. Me startar med han.

GUSTAV FREDRIK DIETRICHSON (1862–1870): Fødd 1813 i Kristiansand. Teologisk eksamen i 1842. Gift i 1845 med Pauline Preus. Han var fyrst lærar og seinare styrar på «Allmueskolen» i Stavanger. I perioden 1851–1859 var han prest i norsk-lutherske kjørkelydar i Rock County i Wisconsin, USA. Så var han kallskapellan i Hetland, Stavanger til han blei utnemnd til sokneprest i Evje i 1862. Han var prost i perioden frå 1864 til 1870. Seinare flytte han til Øyer i Gudbrandsdalen. Han døydde i 1886.

ABRAHAM BORCH STENERSEN ANDERSEN (1871–1875): Fødd 1827 på Nes prestegard, Hedmark. Han tok teologisk eksamen i 1852/53, men tok praktikum fyrst i 1868. Gift i 1860 med Gusta Elise Larsen, men ho døydde året etter. I 1863 gifte han seg med Birgithe Dorothea Myhre. Han blei sokneprest i Evje i 1871, og var prest i Vegusdal fram til me blei del av det nye Herefoss prestegjeld i 1875. Frå 1882 var han prest i Nannestad, der han døydde i 1905.



F.v. Andreas Julius Konrad Rasmussen, Wilhelm Bertinius Sørensen, Christian Bendix Jacobsen og John Johnsen Funnemark.

ANDREAS JULIUS KONRAD RASMUSSEN (1875–1885): Fødd 1844 i Eiker, Buskerud. Han tok teologisk eksamen i 1867. Fyrst var han kapellan i Voss, så blei han stiftskapellan i Agder i 1871 før han blei utnemnd til sokneprest i det nye Herefoss prestegjeld i 1875. Kona heitte Hanna Antonette Smith. Dei hadde tre born då dei kom til Herefoss. Men alle tre døydde av difteri i desember 1876. I 1885 blei han prest i Hof i Vestfold og i 1900 i Østre Toten. Han døydde i 1921.

WILHELM BERTINIUS SØRENSEN (1886–1890): Fødd 1845 på Tromøya. Teologisk eksamen i 1871. Før han kom til Herefoss hadde han vore kapellan i Elverum og stiftskapellan i Oslo. Gift i 1874 med Sophie Cathrine Schriver. Han dro tilbake til Oslo etter fire år i Herefoss.

CHRISTIAN BENDIX JACOBSEN (1890–1896): Fødd 1850 i Haugesund. Teologisk eksamen i 1871, men dreiv skipsreiarlaget til faren, saman med brørne sine, fram til 1879. Frå 1879 var han kapellan i Ulvik, så sokneprest i Sirdal før han kom til Herefoss i 1890. Han var gift med Maren Cecilie Marie Jacobsen frå Karmøy. Etter at han reiste frå Herefoss var han sokneprest i Hommedal. Han døydde i 1920.

JOHN JOHNSEN FUNNEMARK (1896–1910): Fødd 1857 i Lunde i Telemark. Teologisk eksamen i 1881. Før han blei sokneprest i Herefoss var han lærar i Fredrikstad, Svelvik, Larvik og så i Fredrikstad att. Han var gift med Ingeborg Hvinden frå Gran på Hadeland, men var enkemann då han var prest her etter at ho døydde i 1895. Dei hadde ei dotter, Gudrun. Frå 1910 var han prest i Nittedal.



F.v. Bernt Olavus Pedersen Riise, Gunnar Flaatten, Søren Seland og Christian Fredrik Scheel Hansteen.


BERNT OLAVUS PEDERSEN RIISE (1910–1914): Fødd 1860 i Hjørundfjord på Sunnmøre. Teologisk eksamen i 1900. Han var prest i Måsøy, Tana, Vardø, Lebesby og Hammerfest i perioden 1901–1909. Så var han eitt års tid i Bjørgvin før han kom til Herefoss. Han var ugift, og døydde i 1914.

GUNNAR FLAATTEN (1915–1920): FØDD 1888 i Ramnes i Vestfold. Teologisk eksamen i 1914 og blei allereie året etter sokneprest i Herefoss. I Mykland møtte han Anna Aaneland som han gifte seg med i 1918. Frå 1920 var Flaatten sokneprest i Etne, frå 1927 i Sokndal og seinare i Borre, Vestfold.

I perioden 1920-23 var Lars Larsen Berge f. 1851 i Høgsfjord, Rogaland, vikarprest i Herefoss. Han døydde i 1934.

SØREN SELAND (1924–1929): FØDD 1880 i Grindheim, Vest-Agder. Han blei gift i 1900 med Anna Dale frå Froland. Han var lærar i Froland 1903–13. Så var kan lærar ein stad i Telemark. Men i 1918 tok han teologisk eksamen og blei sokneprest i Årdal i Sogn før han kom til Herefoss. Seland var den siste presten som dreiv gardsbruk på prestegarden på Herefoss. Frå 1929 var han sokneprest i Øystre Slidre, Valdres, der han døydde i 1944.

CHRISTIAN FREDRIK SCHEEL HANSTEEN (1929–1943): Fødd 1895 i Kristiania. Teologisk eksamen i 1928 og kom til Herefoss som sokneprest i 1929. Han blei same året gift med lege Johanna Lagertha Wulfsberg. Ho dreiv legepraksis på Herefoss dei åra han var sokneprest. Han kom til Uranienborg i Oslo i 1943. Hansteen døydde i 1984.



F.v. Nils Meidel Møll, Tomas Mæsel og Ingemann Ellingsen.

NILS MEIDEL MØLL (1943–1948): Fødd 1911 i Ny-Hellesund i Søgne. Teologisk eksamen i 1937. Han blei gift med Åsta Vigemyr. Første tenesta hans var som hjelpeprest i Bygland same året som han vart ordinert, i 1939. Frå 1940 til 1943 var han reiseprest i Agder, men i 1943 vart han vikarprest i Herefoss, frå 1945 konstituert sokneprest. Frå 1948 var han eitt år vikarprest i Agder igjen, men så vart han kretssekretær i Israelsmisjonen for Sørlandet krets. Der var han i 20 år før han igjen gjekk inn i presteteneste, denne gongen som kallskapellan i Vennesla, der han var frå 1969 til 1973. I 1973 vart han sokneprest på Finnøy, og til sist i Valle i Setesdal frå 1977. Han døydde i 1994.

TOMAS MÆSEL (1948–1959): FØDD 1905 i Finsland, Vest-Agder. Teologisk eksamen 1933. Han var gift med Anna Hodnemyr. Fyrst var han tilsett i Mandal Indremisjon i 1935, så var han resiseprest i Vest-Agder frå 1936. Frå 1939 til han kom til Herefoss var han hjelpeprest i Eidanger, Telemark. Etter at han slutta i Herefoss var han residerende kapellan ved Skien og frå 1968 sokneprest i Gildeskål, Nordland.

I perioden 1959–1961 blei Herefoss prestegjeld styrt av vikar.

INGEMANN ELLINGSEN (1961–1969): FØDD 1928 i Arendal. Teologisk eksamen 1953. Gift med Jorunn Fløystad. Før han kom til Herefoss, hadde han vore kretssekretær i Norges Kristelige Ungdomsforbund frå 1954 og hjelpeprest i Østre Toten frå 1956. I 1969 blei han lektor, frå 1973 rektor ved Praktisk teologisk seminar ved Menighetsfakultetet. I 1981 blei han prost i Gran, Oppland. Ellingsen bur i dag i Moss.



F.v. Johannes Tofte, Peter Anton Hermansen og Otto Edvard Hansen.

JOHANNES TOFTE (1970–1976): FØDD 1909. Teologisk eksamen 1935. Gift med Sigrid Skiftesvik. Han var sekretær i Santalmisjonen i Drammen krets frå 1936, så blei han hjelpeprest i Sandefjord i 1942 før han blei kallskapellan i Haugesund i 1948. Han var sokneprest i Risør frå 1963 til han kom til Herefoss i 1970.

Ved kongeleg resolusjon blei det i 1976 bestemt at Herefoss og Vegusdal skulle vere del av det nye Birkenes prestegjeld frå 1. januar 1977. Fyrste prest i det nye prestegjeldet var han som allereie var prest i Birkenes frå 1963.

PETER ANTON HERMANSEN (1977–1980): Fødd 1912 på Bremnes i Bømlo. Teologisk eksamen 1939. Gift med Doris Johanna Seim. Han var prostiprest i Sunnhordland frå 1941 til 1945, så hjelpeprest i Finnås, Hordaland fram til han blei sokneprest i Tysvær, Hordaland i 1952. Frå 1963 var han sokneprest i Birkenes, og dermed prest i Vegusdal i perioden frå 1977 til han gjekk av med pensjon i 1980. Etter dette flytte han og kona tilbake til Bømlo. Han døydde i 2008.

OTTO EDVARD HANSEN (1980–1985): Fødd 1936. Teologisk eksamen 1962. Gift med Marit Svendsen. Hansen var hjelpeprest i Vår Frelzers menighet i Haugesund, frå 1964 lektor ved den kommunale realskole same stad. I 1969 blei han kallskapellan i Skåre menighet i Haugesund. I 1973 blei han residerande kapellan i Vågsbygd før han kom til Birkenes i 1980. Etter han hadde vore sokneprest i Birkenes, var han prost i Salten. Han døydde i Øvre Eiker i 2012.



F.v. Leif Jan Møller-Stray, Oddvar Glidje og Gunstein Vethus.

LEIF JAN MØLLER-STRAY (1986-2007): Fødd 1941 i Kristiansand. Gift med Anne Bente Fjeldberg. Han var prest i 15 år i Nord-Noreg før han kom til Birkenes, fyrst hjelpeprest i Vefsn på Helgeland og dei siste ti åra sokneprest i Saltstraumen ved Bodø. Møller-Stray bur i dag i Lillesand.

I 1990 blei det tilsett menighetsprest i Birkenes i tillegg til soknepresten. I mange år hadde Oddvar Glidje vore kateket med ansvar for ein del gudstenester og menighetsarbeid. I 1995 blei stillinga omgjort til kapellan. Det var Gunstein Vethus som hadde stillinga i perioden 1990–1997. Frå 1998 heitte kapellane Geir Ola Tveit. I 2007 blei stillinga igjen omgjort, denne gongen til soknepreststilling, slik at Birkenes frå då av hadde to sokneprestar. Det blei då gjort slik at den stillinga som Geir Ola Tveit hadde blei soknepreststilling med ansvar for Vegusdal og Herefoss. Sokneprest med ansvar for Birkenes var Gunvor Hofseth, som hadde overtatt som sokneprest etter Leif Møller-Stray.

Sokneprest hos oss etter Leif Møller-Stray blei altså Gunvor Hofseth før Geir Ola Tveit «rykka opp» til sokneprest, men ansvar for Herefoss og Vegusdal.

GUNVOR HOFSETH (2007-2007): FØDD 1928 i Arendal. Teologisk eksamen 1953. Gift med Jorunn Fløystad. Før han kom til Herefoss, hadde han vore kretssekretær i Norges Kristelige Ungdomsforbund frå 1954 og hjelpeprest i Østre Toten frå 1956. I 1969 blei han lektor, frå 1973 rektor ved Praktisk teologisk seminar ved Menighetsfakultetet. I 1981 blei han prost i Gran, Oppland. Ellingsen bur i dag i Moss.



F.v. Gunvor Hofseth, Geir Ola Tveit og Frode Eikrem.

GEIR OLAV TVEIT (2007–2015) Fødd 28. oktober 1959 i Skien. Flytte til Øyslebø sommaren 1960 og vaks opp der. Utdanna ved Menighetsfakultetet og ordinert 29. juni 1986 i Kristiansand domkyrkje. Han var 1986–1989 stasjonsprest på Andøya flystasjon. Så var han kapellan i Lenvik i perioden 1989–1998. Frå 1998 til 30. september 2007 var han kapellan i Birkenes og frå 1. oktober 2007 til 2015 sokneprest i Herefoss og Vegusdal. Frå 2015 er han sokneprest i Åseral, Grindheim og Konsmo.

Geir Ola er gift med Nina Lindland Tveit frå Øyslebø, fødd 1962. Ho er utdanna adjunkt, og arbeidde på Birkeland skole dei åra dei budde på Birkeland. Nina og Geir Ola har borna Håkon f. 1986, Marie f. 1989, Knut Ivar f. 1992 og Sandra Sofie f. 1996

I 2015 tok Geir Ola Tveit mot stilling som sokneprest i Audnedal og flytte til Byremo. Ny sokneprest i Herefoss og Vegusdal er:

FRODE EIKREM (2016–) FØDD 28. november 1974 i Oslo. Vaks opp på Averøy på Nordmøre. Utdanna ved Menighetsfakultetet og tok emebetsekamen i år 2000. Jobba som kateket i Mandal frå 2001 til 2008, deretter Menighetsutvikler i Mandal 2008–2010. Han var rådgjevar for trusopp-læring på Bispedømekontoret i Agder og Telemark i perioden 2010–2016. Han blei ordinert i Vegusdal kyrkje i februar 2016, då han byrja i stillinga som sokneprest.

Frode er gift med Gunhild Eikrem (fødd Raen) frå Birkeland, fødd i 1973. Ho jobbar som sjukepleiar i heimetenesta i Birkenes. Saman har dei borna Elise, Ida Konstanse og Benjamin. Alle er fødte på same dag i 2005.

Kyrkjesongar/klokkar

Me har denne lista: Ommund Olsen Fidjeland 1846–1861, Jacob Gundersen Nygaard 1861–1870, Notto Nordbø 1870–1874, Jens Olsen Klepsland 1874–1924, Bernhard Katerås –1964, Olav Lunden 1964–1982, Olav Kristian Nygaard 1982–1989, Sigrid Retterholt 1989–2014. I dag går jobben på omgang.

Kyrkjetenar/gravar

Fram til tidleg på 1980-talet var kjørketenar- og gravarstillingane timebetalte. I 1919 hadde Ole Gundersen Aas (Ola Homsletta) hatt jobben i 25 år. Me har ikkje nokon fullstendig oversikt, nokre var både kjørketenar og gravar medan andre bare var gravar. Kyrkjetenarens oppgåve er å varme oppkjørka, sørge for lys og anna teknisk, og å ringe med klokkene. Tomas Bakke var kjørketenar i ei årrekke etter Ola Homsletta. Etter Tomas



Olav Ditlef Tveit

Bakke overtok Gunnar Aas Homsletta. Så hadde Sven Hellenen, som hadde kjøpt Homsletta i 1960 jobben. Etter Sven Hellenen var Elling Fidjeland gravar og Olav Arthur Aas kjørketenar og gravar.

Frå kjørketenar/gravar-stillinga blei ei fast stilling kring 1982 er det Olav Ditlef Tveit som har hatt den. Olav D. Tveit er fødd i 1952 på Hisøy. Han overtok Tveit i Hovlandsdalen på slutten av 70-talet etter onkelen, Olav Tveit.

I denne stillinga er det deadlines til stadighet, som han sjølv seier.

Organistar

Det blei kjøpt inn eit trøorgel på 1920-talet. Anna Engesland spelte i ei årrekke under gudstenestene. Seinare var det Magnus Stoveland som spelte. Frå 1973 til 2012 var Knut Geir Aas organist, med fast tilsetting frå 1982. Han var den fyrste med skikkeleg utdanning innan orgelspel. I dag heiter organisten Karen-Ingrid Witter. Men i gravferder er det organisten i Birkenes, Reidar Sløgedal, som spelar.

Soknerådsformenn

Et presteliv i Vegusdal

Leif Møller-Stray

DET VAR MYE SNØ i Vegusdal på seinvinteren i 1986. Brøytekanterne var høye og hjulsporene stedvis ganske dype. I november året før tikket det inn en melding i Saltstraumen prestegård. Den kom fra Kongen i Statsråd. Jeg var utnevnt til sokneprest i Vegusdal, Herefoss og Birkenes. Etter 15 års prestetjeneste i Hålogaland var jeg begynt å søke meg til områder med blødere konsonanter. Så kom den høytidelige Statsrådsutnevnelsen. Det var slik sokneprester ble utnevnt i de dager.

BESØK PÅ FORHÅND

Kirkedepartementet var raus nok til å innvilge meg en reise for å se på forholdene, før selve flyttingen. På Kjevik stod en brukt Citroen 2CV og ventet, innkjøpt usett fra en selger på Birkeland.

Den typen kjøretøyer kan bare med nød og neppe kalles bil, mer egnet for tørr asfalt på den franske rivieraen enn robuste vinterveier i Indre Agder. Jeg lurte på om det var standsmessig nok å reise rundt og introdusere seg selv med et slikt kjøretøy. I ettertid har jeg tenkt at når Mesteren selv kunne gjøre sitt inntog i Jerusalem på et esel, måtte jo en skarve sokneprest kunne galoppere inn i Vegusdal på en 2CV. Jeg kom meg i hvertfall rundt, fikk se kirke og kapell og tatt mål av vinduene i Birkenes prestegård. Det siste var etter oppdrag fra prestefrue Anne Bente, som så flyttingen fra et gardinsynsspunkt.

FLYTTING I SNØSTORM

I første halvdel av mars skjedde så selve flyttingen. I løpet av årene i

Nord-Norge var vi blitt en familie på fem med Ragnhild (14), Janne (11) og Anders (3).

Også under flyttingen spilte snøen en rolle. Flyttebilen satte seg fast på Saltfjellet. Potteplantene som prestefruen lenge hadde snakket pent med, frøys. Men prestefamilien frøys ikke. Vi satt gode og varme på et SAS-fly og spiste rundstykker, mens snøkavet herjet under oss idet vi passerte polarsirkelen. Problemet for oss oppstod da vi ankom prestegården, mens senger, dyner og puter stod snøfast på Saltfjellet. Motellet på Birkeland ble en midlertidig redning helt til vårt jordiske gods etterhvert ankom. Før vi hadde rukket å få bilder på veggene og tømt kartongene fra flyttebilen, var det tid for innsettelsesgudstjeneste.

INNSETTELSEN

Søndag 16. mars ringte klokkene i Vegusdal kirke til høymesse. Det var Maria budskapsdag. Under kirkehvelvet samlet det seg 60 vegdøler som ville høre den nytilsatte soknepresten holde sin tiltredelsespreken. De visste lite om hvem jeg var.

Jeg stod for alteret og visste den dagen like lite om hvem de var som satt i kirkeskipet. Jeg visste heller ikke at denne gudstjenesten skulle bli innledningen til mer enn 21 års prestetjeneste.

Jeg visste altså lite om vegdølene, men skog, hei og vann i Vegusdal hadde jeg litt erfaring med. I gymnastiden hadde jeg en venn som vokste opp på Fidjetun. Han visste hvor ørreten var og tok meg med på fisketur. Dessuten hørte jeg til den generasjon kristiansandere som dro med skitog til Oggevann vinterstid. Vindvann, Lunden og Skrerros var kjente og kjære stedsnavn.

Etter innsettelsesgudstjenesten var det kirkekaffe og årsmøte på be-dehuset. Jeg fikk mange varme håndtrykk og god anledning til å bli kjent med stadig flere vegdøler. Daværende soknerådsformann, Aslak Vegusdal, overrakte blomster til prestefruen, en kjærkommen grønnplante til erstatning for blomstene som hadde gitt etter for vinteren på Saltfjellet.

NY PREST

Det er en hevdvunnen regel at en prest som kommer ny til et sted, må stikke fingeren i jorden og kjenne hvor han er. Jeg skjønnte at jeg måtte

gjøre meg kjent med det som fungerte godt og bidra til å videreføre det. Samtidig måtte jeg se etter hva som kunne være fint å tilføre.

Allerede mens jeg var nordpå, hadde jeg lest om vekkelsen som hadde gått over distriktet. Da jeg kom nedover var det fremdeles vekkelsesdrag i luften. Engesland musikklag var i vital drift med sang og vitnesbyrd. Med oppvekstår i Frelsesarmeen, kristelig skolelag og Frikirken var dette et åndsvær jeg var godt kjent med. Et syvårig teologistudium med fordykning i den liturgiske bevegelse hadde seinere satt nye spor i meg. Jeg hadde lært å bli glad i de skatter vi har arvet fra kristne som har levd før oss. En god balanse mellom tradisjon og fornyelse, - jeg jaktet på det som ny prest i Vegusdal.

5H-BEVEGELSEN

I tillegg til bord og stoler hadde flyttebilen med seg kassevis av bøker da den strevde med å komme seg over Saltfjellet. En bok, Kristendomens återkomst, skrevet av Martin Lønnebo, hadde jeg et særskilt forhold til. Jeg kjente meg tiltrukket av den svenske biskopens tanker om hva som måtte til for at kristendommen igjen skulle bli hele folkets religion. 5H-bevegelsen kalte Lønnebo sitt program.

Knyttet til stikkordene hjerte, hjem, helligdom, hånd og himmel konkretiserte han hva kirken burde konsentrere seg om. Jeg drømte om å sette hele 5H-bevegelsen i funksjon i Vegusdal, særlig den om helligdommen. Gudstjenestelivet skulle struktureres slik at kirken kunne bli arena for et sunt skapende trosmiljø. De 25 gudstjenestene som var forordnet hvert år, skulle ha forskjellig form og adresse. Noen skulle være åpnende, varme, inkluderende og misjonerende for å vekke tro. Andre skulle ha fyldig bibelundervisning og nattverd for å utdype og styrke tro. Gudstjenestene skulle feires i hellighet og skjønnhet, bidra til å spre en duft av himmel over Vegusdal. Jeg drømte om at vegdølene skulle fylle sin vakre kirke til siste plass hver gang klokken ringte. Slik ble det ikke. Men noen forsøk ble gjort, og noen ganger glimtet det til.

PREKENER RAD PÅ RAD

Å preke er å formidle et møte mellom kristusvitnesbyrdet i den forordnede bibeltekst og de forsamlede mennesker. Hver gang jeg har

stått på prekestolen i Vegusdal, har jeg forsøkt å formidle et slikt møte. Menneskelig talt er det en umulig oppgave. Bare i Den hellige ånd kan vi møte Kristus. Men som predikant kan en arbeide i bønn om at innsikt i tekster og kjennskap til folk kan bli til et redskap for Den hellige ånd. Jeg har skrevet mine prekeners ord for ord. Rad på rad har jeg dem fremdeles stående i mapper på mitt hjemmekontor. Jeg tror de er der alle. For å skrive dette innlegget har jeg tatt frem to av dem. Den første og den siste.

MARIA BUDSKAPSDAG

Det var kirkekalenderen som bestemte at min første preken var over Marias lovsang, ikke at jeg var spesielt opptatt av Maria. Ved gjennomlesning nå ser jeg at det var viktig for meg å stå frem som en bibeltro, luthersk prest:

Det er ikke Maria som er sentrum for denne gudstjenesten. Det er ikke hos henne vi skal søke nåde, for hun var selv en som fikk nåde. Men når det er sagt med ettertrykk, så har vi som kristne, både kvinner og menn, mye å lære av Maria for vårt gudsliv. Og idag skal vi i Guds hus lære av det som Skriften forteller om henne...

Til sist i prekenen berørte jeg selve presteskiftet:

Noen vil kanskje si det slik at i dag vendes et blad i Vegusdal kirkes historie, ettersom en ny prest tar til med tjenesten sin. Det er kanskje for mye sagt, ettersom det er det samme budskap som skal lyde fortsatt og den samme tjeneste med Ord og Sakrament som skal gå videre. For meg vil det være selve utgangspunktet for tjenesten at den skal skje i troskap mot Guds ord og Kirkens bekjennelse. I det stykket er det ikke noe nytt. ... Men jeg spør meg selv: Hva skal kirken være for Vegusdal i tiden fremover? Et sted det er godt å komme til? Et sted med åndelig varme? Et sted for vekkelens ånd? Hvordan skal søndagen gjenvinne sin helligdagsglans i vår bevissthet?

Maria lovsynger Gud fordi han har grepet inn i hennes liv. Gud griper inn i vårt liv også. Og i vår kirkes liv. Han har gjort det før. Han vil gjøre det igjen!

DE SMÅ DAGENE

Ingen kirkedager er helt like. De er ikke like store heller. Kirken ble ikke fullsatt hver gang klokkene ringte, slik jeg drømte om da jeg kom. Jeg husker små dager. Jeg stod i sakristiet og så litt urolig bortover veien. Kommer det flere enn staben idag? Klokken ble kvart på elleve, ti på elleve og fem på elleve. Biler kjørte forbi på vei til andre steder, men noen parkerte og kom inn over dørterskelen. Alltid kom det noen, ofte i siste liten før preludiet ble intonert. Jeg husker aldri at det ble messefall på grunn av manglende tilslutning. Men jeg husker søndager med bare ti, tyve, tredve mennesker i kirken. De som kom trofast, ble etterhvert kjente ansikter for meg. Jeg vil gjerne gi en hyllest til dem. Med sin kirkegang gjorde de noe godt ikke bare for seg selv, men også for bygda. De bidro til å holde alterilden brennende. Selv en liten ild eier en flamme som kan vokse og spre seg. Slukker ilden helt, er vi ille ute. Takk til de trofaste!

DE STORE DAGENE

Nå kan jo dette høres ut som det var bare sorgen med kirkegangen i Vegusdal mellom 1986 og 2007. Det var det ikke. Det var store dager også. Det kjennes godt å tenke på dem når jeg nå sitter nede i strandkanten i Lillesand etter å ha forlatt de indre bygder. Mye av det som var tilslutningsmessig vellykket, hadde sammenheng med vandringer langs gamle kirkeveier. Naturens og kirkens katedral har ved flere anledninger jobbet godt sammen. Sommersøndagen er blitt en innarbeidet tradisjon. 17. mai har lenge vært felles kirkegang for mange i bygda. Dåpsdager, fireårsbok og bibler til «minikonfirmantene» har hatt så stor tilslutning at de nesten kunne måle seg med selve konfirmasjonsdagen.

Feiringen av kirkehusets 125-årsjubileum i 1992 står i en egen glans. I følge dagsregisteret var det 280 mennesker tilstede ved gudstjenesten. Blant dem fire prester, lensmann og ordfører, men fremfor alt var det mange vegdøler. Noen kom i klær som minnet om kirkens vigslingsdag i 1867. Gamle presteklær, gammel klokkerbønn og bibeloversettelse ble tatt i bruk, men evangeliet var i sin kjerne det samme. Jo, kirkejubileet den gang var en stor og glad dag.

Men Vegusdal kirke har også vært fullsatt på dager som ikke har vært glade. Ulykker i trafikken har krevd unge liv, arbeidsulykker i skog og på vann har gjort det samme, og for noen har livet blitt for tungt til å leve.

Kirken har stått der og vegdølene har stilt opp, søkt trøst og vist solidaritet med dem som ble rammet.

FRA SOLIST TIL STABSMEDLEM

Det skjedde mye med kirkestrukturen i løpet av mine 21 år. Da jeg kom var jeg aleneprest i hele Birkenes med litt prestehjelp fra stiftskapellaner hos biskopen. Rundt meg hadde jeg klokker, organist og kirketjener i bittesmå deltidsstillinger. Det kunne være travle tider, særlig på 17. mai da alle de tre soknekirkene skulle ha gudstjeneste med samme prest. Men det bedret seg etterhvert. De som betjente kirken fikk ordnede forhold, og nye stillinger kom til. Vanskeligst var det å få inn en ekstra prestestilling. Men gradvis lyktes det også. En kombinert prest og menighetsekretærstilling ble til heltids kapellan og nå egen sokneprest med Vegusdal og Herefoss som særskilt arbeidsområde. For meg ble det en ny måte å arbeide på, med sine utfordringer og gleder. Jeg ble del av en større stab med Birkenes som særskilt arbeidsområde, men fortsatt hadde jeg tjenesteuker og enkelte gudstjenester i Vegusdal.

VANSKELIG Å STOPPE

Jeg har hørt prester omtalt som «handelsreisende i høytidelighet». Ikke så rart, - det er jo gjerne ved høytidelige anledninger folk flest møter presten. Men mitt presteliv i Vegusdal har ikke vært like høytidelig hele tiden. Det har vært fisketurer med «høvdingen» på Retterholt, padleturer med venner sommerstid, bærturer om høsten og skiturer vinterstid.

Bilturer av forskjellig slag er allerede nevnt. Men en til må nevnes. Jeg skulle til et formiddagstreff på Engesland en desemberdag. På Birkeland var det blank is og ikke strødd på veiene. Jeg ringte en av drosjeeierene i Vegusdal for å høre om hvordan veiene var opp igjennom. Svaret ble gitt med humor: Det er fint å kjøre, men vanskelig å stoppe!

I kirken liker vi ikke avlysninger, så jeg kjørte og unngikk mest mulig å bremse.

SISTE GUDSTJENESTE

Søndag 2. september i 2007 ringte klokkene i Vegusdal kirke til høsttakke-

fest. Det satt 87 vegdøler i kirkeskipet, ikke mange flere enn da jeg kom for vel 21 år siden. Men vi kjente hverandre litt bedre. Noen hadde jeg døpt, noen konfirmert, noen hadde jeg viet til ektefolk og noen hadde jeg sittet i sørgesamtale med. Nå var det siste gudstjeneste. Jeg har hentet frem prekenen og lest den. Det er en høsttakkefestpreken, et forsøk på å si noe til barn og voksne samtidig. I en passasje i prekenen lød det slik:

Det er mange måter å tenke om mennesket på i denne verden, om hva et menneske er verd, hvorfor vi er her på jorden og hva som er meningen med at vi lever. Noen tenker at det er tilfeldig, det er tilfeldig at vi er blitt til, det er tilfeldig at vi lever, og vi kan leve som vi vil. Det er vi som eier livet vårt.

Slik kan vi tenke, men slik tenker ikke kristentroen. For kristentroen eier en hemmelighet, en troshemmelighet. Troen bor ikke bare i hodet, men også i hjertet. Og når vi tenker med hjertet kan vi oppdage at livet ikke blir mindre, men større når vi tenker at vi ikke eier livet selv. Vi lever det, men Gud eier det. Vi har ikke skapt oss selv, men Gud har skapt oss, gitt oss kropp og sjel, forstand og alle sanser. For alt dette skylder vi å takke og love Ham, tjene og lyde Ham.

Med disse ordene, lånt fra katekismen, munnet min siste preken i Vegusdal kirke ut.

Etter den siste gudstjenesten var det, som da jeg kom, kirkekaffe på bedehuset. Jeg hadde med meg en blomst, den samme som vi fikk overrakt for 21 år siden. Den var blitt for stor til å bli med inn i vår mer beskjedne bolig i Lillesand. Soknerådsformannen fra innsettelsesgudstjenesten fikk den tilbake med takk for lånet. Med meg hjem fikk jeg et maleri. Et landskapsbilde med myr og stein, gress og snø, men fremfor alt mye himmel. Vi har bildet på veggen. Akkurat nå tenker jeg på det som et ikon. Budskapet Vegusdal kirke skal være herold for er dette: Himlenes rike er kommet nær!

17 år som prest i Vegusdal

Av Geir Ola Tveit

SOMMAREN 1998 BYRJA EG mi teneste i Vegusdal kyrkjelyd, som kapellan i Birkenes prestegjeld. Eg vart innsett i tenesta i Vegusdal av sokneprest Leif Møller-Stray under ei kveldsgudsteneste. Eg visste lite om Vegusdal frå før. På Engesland hadde eg aldri vore, og eg kjende ingen i bygda.

Eg hadde vore prest 12 år då eg kom til Vegusdal. Dei fyrste tre åra var eg stasjonsprest på Andøya flystasjon. Mykje av tida gjekk med til samtalar med soldatar, men eg hugsar ingen vegdølar. Etter dette var eg 9 år som kapellan i Lenvik. Det er eit stort sokn, og mange av tenestereisene var mellom 40 og 50 kilometer, pluss retur. Så flytta eg til Birkeland, og folk der spurde meg: «Er det ikkje langt til Vegusdal?» Eg svara alltid nei. For meg var dei fleste turane til Vegusdal festreiser.

Å møta menneske, i sorg og glede, og tala med dei om det som er viktig i livet, er noko av det mest spanande og meiningsfylte med prestetenesta. Eg gledde meg alltid til å møta vegdølar. Sjølv sagt var det triste og tragiske hendelsar. Då kjende eg tydeleg at kjærkas tenester var viktige for folk. For meg som prest var dette både utfordrande og meingsfylt teneste. Når alt er mørkt, er det godt å kunne peike på han som er verdas ljøs. Alt er ikkje mørkt likevel.

Me to prestane delte arbeidsoppgåvene i Birkenes prestegejld, men mi teneste var meir knytta til Vegusdal enn den andre stillinga. Eg hadde konfirmantundervisninga, og eg var geistleg medlem i soknerådet. Dei valde medlemene i soknerådet var engasjerte og motiverte, og dei kjen-de bygda betre enn ein tilreisande prest. Eg lærte mykje om Vegusdal og vegdølane i soknerådet.

Det var ei triveleg stemning i sakristiet før gudstenestene. Samarbeidet med organist, kjørketenar og klokkar var framifrå. Ein har som kjent

ikkje meir moro enn ein lagar sjølv, og eit år vaks det fram i meg ei dramatisering av livet i sakristiet. 17. mai vart det framført av lokale amatørskodespelarar. Dramatiseringa hadde nokre fellestrekk med røynda, men det var og kunstnarlege fridomar innblanda.

I mi tid vart det fjerna nokre benkar lengst framme og døypefonten vart flytta ned frå koret. Han vart og om lag 18 cm høgare. Det var ei stor forbetring. Ved dåp vart det betre plass til dåpsfamilien, og kjørkelyden kunne fylgja betre med. Det vart og betre tilhøve for å driva trusoppplæring. I kjørka foregår det mykje meir enn seremoniar, og eit teneleg bygg er svært viktig for ein levande kjørkelyd. Sakristiet fekk og ei naudsynt oppussing og ombygging medan eg sat i soknerådet.

Me tala og om å få fram den opprinnelege dekoren på kjørkebenkane. Særleg eit av medlema var huga på å sjå dei krussedullane som ein kan ana under den "supperosa" fargen, som dessutan ikkje er like omtykt av alle. Heldigvis var Elna Nygård med i rådet, og ho hugsa korleis det såg ut før overmålinga. Det var "skittent militærgrønt". Saka vart lagt bort og sidan aldri nemnt.

Eit år var det gudsteneste på fastelavnssøndag. Tirsdagen etter, siste dagen før faste, kallast feitetirsdag. Nokre stadar kallast han og kvitetirsdag avdi det var vanleg å eta brød av fint mjøl den dagen. Før gudstenesta spurde eg klokkar Sigrid kva ord som blei nytta i Vegusdal: Feitetirsdag eller kvitetirsdag. Svaret var direkte: «Nei, det er bare noko som prestar frå Birkeland talar om!»

Eg tala ein gong med konfirmantane om skapingsforteljinga. Utpå ettermiddagen, sjetta skapardagen, avslutta Gud arbeidsveka med å skapa kvinne. Han hadde øvd seg ei veke, og avslutta med det beste han kunne få til. Eg sa, som den maskuline teologen eg er, at kvinne er det vakraste Gud har skapt. Då fekk eg høyre frå ei av jentene: «Du er ein gamal gris, du!» Akk ja.

Sommaren 2000 forretta eg ein vigsel som vart prenta inn i minnet mitt. Brudgommen var nemleg særst overtydd om at han ville ha brura. Då brudeparet sto framfor meg, spurde eg: «Så spør eg deg, Knut Jarle Botterud, vil du ha Anne Johanne Retterholt, som står attmed deg, til din ektemake?» Han snudde seg mot brura og svara så høgt at det ga atterljom på Engesland. Eg såg korleis kjørkelyden fekk bakoversveis. Det fekk visst eg og, etter det eg blei fortald.

Ein gong hadde me Tomasmesse i kjørka. Kyrkjetenaren henta eit bord

i sakrisatiet som vart sett i sideskipet. Der kunne ein skriva bønelappar. Etter gudstenesta måtte det ryddast opp, og eg hadde tid til å hjelpa. Det viste seg å vera vanskeleg å få bordet forbi altartavla. Siden det hadde kome inn den vegen, måtte det og vera mogeleg å få det ut. Men nei, det gjekk ikkje. Eg hadde teke feil bord. Det bordet eg baksa med hadde for lange bein til å passera altartavla. Resultatet vart ein skade på måleriet. Genesaretsjøen fekk ein ekstra skumdott. Nokre prestar set spor etter seg. Eg såg mitt spor kvar gong eg sto for altaret. Mi synd sto alltid for meg. Orsak!!!

Det er alltid gildt for ein prest å feira gudsteneste. I Vegsudal var det og gildt etterpå. Når kjørkelyden hadde fare heim, fann kjørketenar Olav Ditlef fram kaffen. Eg hadde mitt eige krus i skåpet, og så vart det ein god prat om litt av kvart.

Eg hadde 17 gilde år i Vegusdal. Eg vart kjend med svært mange vegdølar, og eg tenker tilbake på desse opplevingane med glede. Då er slutta, fekk eg ein modell av reisverket i Vegusdal kyrkje. nå står det på pianoet i stova og gjev meg gode kjensler.

Klokkar i Vegusdal

Av Sigrid Retterholt

ETTER OLAV KRISTIAN NYGAARD slutta som klokkar i Vegusdal, var det ingen som hadde søkt stillinga. Eg tenkte det måtte vere ei interessant oppgåve, og var forstøkt for at ikkje fleire såg ut til å dela dette synet med meg. Men så kom soknepresten vår, Leif Møller-Stray med ei sterk oppmoding til meg om å søkja. Han hadde det ikkje bare frå seg sjølv gjekk det fram, men og frå anna hald i kjørkelyden. Då søkte eg, og fekk stillinga. I perioden frå Olav Kristian slutta og til eg vart tilsett som klokkar, delte Tomine Furholt, Olav Ditlev Tveit og eg på å ta jobben som friviljuge. Ein del av åra eg var klokkar var oppgåva mi å møta opp i bryllaup og gravferder i tillegg til gudstenestene søndagar, andre heilagdaggar og høgtidsdaggar. Slik møtte eg folk i glede og sorg.

Det var mange oppgåver og ting på gong i kjørka. Og gilde samkomer saman med tilsette og andre hadde me kvart år. Det var ein del turar på dei gamle kjærkevegane. Ein søndag skulle folk gå fleire av dei gamle vegane til gudsteneste i Vegusdal kyrkje. Frå Retterholt skulle Gunnar, mannen min, gå først og visa vegen. Fleire møtte opp til denne turen. Det var sokneprest Leif Møller-Stray, Ole Aas Hansen, lensmann Ole Gustav Henriksen og kona, borna våre, Sigbjørn Birkeland frå Evje og truleg fleire. Det endte med at tida til slutt vart veldig knapp for å nå kjørketid. Så soknepresten og Ole Aas Hansen imponerte med full fart gjennom Engesland på veg til kjørka, og nådde kjørketida så vidt det var.

Då Leif Møller-Stray var sokneprest, var der bispevisitas av biskop Bergan. Dette var svært høgtideleg både for kjørka og skulen, der eg arbeidde i fleire år. Etter visitasgudstenesta i kjørka vart me bedne med til Ljosland pleieheim der Ragnhild og John Risdal hadde stelt til ei veldig fin mottaking for biskopen med fylgje. Då me kom fram, gjekk me alle rundt

og helsa på dei som budde der. Då eg kom til ein av bebruarane helsa han veldig på meg og sa: «God dag, biskop Retterholt!» Det er den einaste gongen eg har fått den tittelen.

Eg har vori privilegert som har fått høyrte så mange gode preiker som eg har opp gjennom åra. Leif Møller-Stray var den første presten eg sat under preikestolen som klokkar. Så kom Gunstein Vetrhus. Han hadde ofte med seg dei to største borna deira, Audun og Maria. Dei var i 4-5års alderen då dei fyrst kom. Dei hadde sine faste plassar saman med meg oppe ved klokkarpulten. Det var veldig koseleg. Då han var prest vart det ein gong på Luciadagen, 13. desember, eit forrykande uvær, med snøbyger og vind. Likevel strøymde folk til kjærka så benkene var fullsette av born og vaksne. Då Lucia med fylgje stod klare nede ved døra til å gå opp midtgangen vart det brått heilt mørkt i dei elektriske lampene. Lyset hadde gått på grunn av uværet. Det vart ein svært minnerik Luciagudsteneste, der borna med tente lys gjekk oppover mot altaret og song: «Svart senker natten seg i stall og stue ...»

Det var Gunstein Vetrhus, som då han var prest her, kom med framlegg om å ha gudsteneste på Oggevatn skole første søndag i advent. Etter han fekk sett i gong dette, har det i alle år vori tradisjon. Til desse gudstenestene plar det vera svært godt oppmøte. Samværet vert avslutta med hyggeleg kjærkekaffi – før alle går kvar til sitt.

Birthe Løvåsen var vikar ei stund mellom Gunstein Vetrhus og Geir Ola Tveit. Så fekk me Gunvor Hofseth og hadde då to sokneprestar samstundes, sokneprest Geir Ola Tveit og sokneprest Gunvor Hofseth. Anne B. Øvensen har vori vikarprest og hatt verdfullt konfirmantarbeid med meir. Oddvar Glidje var ei stund kateket, alltid vel førebudd og klar.

Før i tida kom der av og til vikarprestar når ein trong det. Den eg minnest best er sokneprest Knut Einar Rugsland. Eg hugsar ein fin haustdag med strålende sol over fine haustfargar han skulle ha gudteneste hjå oss. Denne dagen var der innskriving av konfirmantar og utdeling av biblar til femteklassingane. Dette var ei minnerik gudsteneste. Han hadde noko oppmuntrande å seie til kvar konfirmant og til kvar femteklassing, så me kjende oss riktig så privilegerte med alle godorda. Både liten og stor smilte og fylgde svært godt med i det han sa. Etter dette heldt han preika for dagen. Ein myndig, god og klar tale over Guds ord. Eg kan minnas tein del av det han sa, endå om det er mange år sidan. Han hadde ein god bodskap om Guds omsut for den einskilde.

Det er mangt og mykje hyggjeleg å sjå attende på. Eg kan til dømes nemna 70-års dagen min då eg hadde «opent hus». I kveldinga kom sokneprest Geir Ola Tveit og prost Steinar Floberg. Dette var visst prosten sitt første besøk i Vegusdal. Dei hadde med ein sær s vakker blomebukett med helsing frå Vegusdal sokneråd og Birkenes kirkelige fellesråd. Og Geir Ola Tveit held tein flott tale for meg. Noko eg sjølv sagt syntes var veldig stas i tillegg til alle andre som kom og gilde helsingar.

Då Gunvor Hofseth var tilsett som sokneprest fekk eg spurd at ho song «som ein engel». Eg såg fram til å høyra hennar vakre røyst og har kunna gled meg over denne. Av andre gilde samkomer kan nemnast Leif Møller-Stray sin 50-års dag, då han i tillegg til meir alvorsame ord las eventyret om presten og klokkaeren. Det har vori flott 60-års lag til organist Knut Geir Aas, tur i Blindleia i fin sommarsol til sjøbua til kjærkeverje Mai Liss Hellingsæther Sørbotten, juleavslutting hjå Kjellfrid og Olav Ditlef Tveit i nytt hus og mange andre trivelege samkomer både i Vegusdal, Birkenes og Herefoss som me er eit prestegjeld saman med.

Eg har i det heile mange gode minne frå tida eg var klokkar. Gilde minne frå ei eg arbeidde saman med – både prestar, kateketar, organistar, kjærketenar, kjærkeverje, sekretær og andre eg møtte. Eg vil takka dei alle og kjærkelyden for godt samarbeid, all god oppmuntring og gilde felles opplevingar. Den siste dagen min som klokkar var 31. desember 2014. Hadde eg vori klokkar til 1. mars 2015, hadde det vori 25 år sidan eg fekk tilsetjingsbrevet signert biskop Bergan. Eg var som nemnt klokkar på dugnad før eg fekk stillinga fast, difor var eg meir enn 25 år i klokkarstolen.

Då eg gjekk av fekk eg fine gåver frå vegusdal sokneråd, Birkenes kirkelige fellesråd og kollegaer i heile Birkenes. Med gåvene fylgde fine kort og gode ord. Hjarteleg takk!

Tanker og minner fra orgelkrakken

Av Knut Geir Aas

FØRST VIL JEG GRATULERE Vegusdal kyrkje med 150-års jubileum i 2017. I denne kirken, som ligger så vakkert til med utsikt over Ljosevannet, har jeg selv blitt døpt og konfirmert. Konfirmantprest da var Thomas Mæsel.

Jeg må deretter redegjøre litt om bakgrunnen for min tjeneste som organist i Vegusdal. Interessen for orgelmusikk og instrumentet som sådan fikk jeg mens jeg gikk på Kristiansand Katedralskole i 1955 - 1960. I løpet av den perioden tok jeg privat undervisning i harmonium-spill (husorgel) hos Gunnar Abrahamsen i halvannet år. Da våknet interessen for firstemige koraler. Senere på lærerskolen i 1960-62 måtte alle elevene lære å spille på et instrument, og jeg valgte orgel med daværende organist i Lund kirke Carl Weisser som lærer. Han var inspirerende og lærte meg å spille koraler og enkle orgelstykker på manualer og pedal. I valget mellom å ta videre utdanning som organist og lærer, ble det til at begynte i skolen, men fortsatte å spille på egenhånd. Skoleåret 1967-68 var jeg lærer i Lakselv og vikarierte for organisten i kirken der og fikk dermed en del erfaring i å spille til gudstjenester. Fra 1968 har jeg bodd på Birkeland med arbeid i skolen.

I år 1973 fikk jeg så spørsmål om jeg kunne tenke å vikariere som organist i Herefoss og Vegusdal for daværende organist som var sykmeldt. Egentlig var dette en gylden anledning til å dyrke orgelinteressen, selv om jeg var klar over at tjenesten innebar et band, en forpliktelse på alle søn- og helligdager. En del år var også spilling i brylluper og begravelser lagt til stillingen. Jeg svarte positivt på henvendelsen og fortsatte i vikariatet mange år fremover. Det var først i 1982 at jeg ble fast ansatt som organist og fikk ansettelsesbrev fra Agder bispedømmeråd.

Interessen for orgelmusikk, salmesang og liturgi var den store driv-

kraften for at jeg fortsatte i tjenesten i 38 år vekselvis mellom Vegusdal og Herefoss menigheter. Intet annet instrument kan som orgelet - «Musikkinstrumentenes dronning» fylle et kirkerom med musikk. Orgeltoner skaper høytid og høytidelighet i gudstjenesten. Å sitte ved spillepulten og ledsage salmesang er en estetisk vakker opplevelse som appellerer til menneskets sinn og følelser. Salmer og liturgi har også et budskap å formidle oss mennesker av høy verdi.

Å være en del av et kirkelig miljø har også vært en trivelig faktor og gitt meg mange gode og gledelige opplevelser og erfaringer i livet. Jeg har fått kontakt med mennesker, kjente og ukjente, barn, unge og eldre i ulike sammenhenger - i kirkerommet, på kirkebakken, på kirkestier og så videre, møter som har gjort livet godt, spennende og meningsfylt. Gjennom en så lang periode har jeg hatt mer og mindre kontakt med et stort antall prester og kapellaner, faktisk over femti har jeg regnet ut, - men noen av disse har da gjort tjeneste bare en gang. Det har vært spennende møter med geistlige personer som alle er forskjellige og har sin spesielle karakter og stil, måte å formidle budskapet på og så videre. Også spesielle artige episoder minnes jeg som da Otto Edv. Hansen etter en julaftengudstjeneste i Vegusdal kirke hadde det så travelt at han ikke fikk tid til å skifte av seg den gamle, sorte prestekjolen som da var i bruk. Han skulle nemlig rekke tilsvarende gudstjeneste i Birkenes kirke litt senere, og måtte kjøre bil med prestekledningen på. For å gå riktig langt tilbake kan jeg nevne Peter Hermansen som fikk bilskyss med meg til gudstjeneste og kommenterte: «Kjører du ikkje vel fort?» På tilbaketuren reduserte jeg farten betydelig og spurte? Synes du det går bedre nå, hvorpå Hermansen svarte: «Ja, nå kører du meir kristeleg.»

Enkelte prester har hatt lang «fartstid» i prestegjeldet som Geir Ola Tveit og Leif Møller-Stray. Disse fikk jeg derfor spesiell god kontakt med under gudstjenester i Vegusdal kyrkje, Vegusdal kapell og ved sommergudstjenester ute i Guds frie natur: på kirkebakken, ved Prestebroa eller på Tillarknappen. Møblementet var enkelt i slike tilfeller: et kors av bjørkestammer og et lite bord som alter. Musikken ble besørget av et elektronisk instrument tilkoblet et batteri. Leif ville helst ha mest mulig av kirkelig «møblement» på plass på Tillarknappen en sommersøndag, så kirketjener Olav Ditlef sørget for å få talerstol og diverse annet av kirkens utstyr tilkjørt med traktor og tilhenger. Akkurat den søndagen fungerer ikke batteriet, så en 300 meter lang ledning til elektrisk stikkontakt i

Trofast organist hyllet

Knut Geir Aas har vært organist i Herefoss og Vegusdal sokn i 38 år, og søndag 15. januar var det vegdølene som tok avskjed med han.

Allerede ved gudstjenestens slutt begynte godordene å komme: Sokneprest Gunvor Hofseth framhevet da Knut Geirs entusiasme, hans nitide forberedelser, kunnskapsrikdommen hans og hans vennlige og imøtekommende vesen.

Etter gudstjenesten inviterte Vegusdal sokneråd til avskjedsfest på Engesland bedehus. Der var det sørget for at alle fikk nok saft, kaffe, smørbrød og kaker.

Etter bespisningen tok soknerådet leder, Kjellfrid Tveit ordet, og hun skreut av den avgåtte organisten for at han hadde holdt ut all søndagsjobbingen i alle år, hans vilje til å takle utfordringer, hans gode humor, og ikke minst hans sportslige innsats på sykkelsetet. En så sporty mann måtte få gavekort som kunne benyttes i en sportsforretning, mente Kjellfrid, og slik blei det.

Mot slutten av festen tok Knut Geir sjøl ordet. Han takket menigheten for festen, takket prestene for godt samarbeid og sa at han hadde trivdss så godt at det hadde vært vanskelig å slutte. Men nå, som han hadde vært ute av jobben en stund, hadde han vendt seg til sin nye søndagstilværelse, uten å skulle på arbeid. Ellers fortalte han om noen artige episoder han hadde opplevd i sitt lange organistliv. Etter at Knut Geir avsluttet sitt innlegg, begynte festen å nærme seg slutten, men før vi skilte lag, fikk han med seg



godord fra Sigrud Retterholt og Olav D. Tveit, også. Sistnevnte var bl.a. svært glad for at Knut Geir har holdt et godt tempo på salmesangen.

Da disse innleggene var over, takket forsamlingen for seg, og så stod det bare tilbake for soknerådet å rydde og vaske opp.

Stein Dørdal



Frå Menighetsbladet Nr. 1, 2012

kirken måtte til for å skaffe musikk fra instrumentet. Det var litt av en jobb å få rigget alt utstyret på plass.

Under en julaftengudstjeneste fungerte ikke pipeorgelet, så da måtte pianoet overta. Personlig har jeg hatt den store ære å spille til gudstjenester for tre biskoper: Erling Utne, Halvor Bergan og Olav Skjæveland. Under en skolegudstjeneste med Halvor Bergan kom biskopen til å spørre elevene om hvem de trodde det var som hadde gitt han det store bispekorset. En av de minste rakk opp hånda og svarte: «Jesus». Ikke helt riktig, sa biskopen, og samme elev svarte: «Gud». Jeg har fått det av kongen, sa Bergan.

Det er naturlig at over en så lang periode, har det foregått store forandringer i kirken med hensyn til liturgi, salmebøker og salmeutvalg. Liturgien og musikken som fulgte med, var annerledes på 70-tallet enn dagens. Første juledag i 1983 tok menighetene i bruk den nye salmeboken etter 60 år med Landstad reviderte. En del salmer ble skrevet om og fikk tilbake de opprinnelige, rytmiske satsene som musikalsk sett var positivt. Eksempler på dette er: Jesus dine dype vunder, Som den gyldne sol frembryter og Vidunderligst av alt på jord. Åndelige sanger fra bedehusmiljøet som: Navnet Jesus, Salige visshet og Deg være ære ble også tatt inn i salmeboken og fikk kjærkommen mottagelse. Med ny salmebok fulgte også ny koralbok der mange av harmoniseringene var forenklet. Salmebøker i annet format og med større og lettleste tekster var uten tvil også med på å øke sangleden.

Kirken har vært positiv til å følge med i tiden og tilpasse seg forhold og forandringer som skjer ellers i samfunnet. Stagnasjon kan lett føre til at mennesker mister interessen og faller fra.

Avslutningsvis vil jeg kort nevne mine fysiske «utskeielser» i forbindelse med organiststillingen. Jeg har alltid vært glad i å sykle. I løpet av disse 38 årene har jeg derfor tilbakelagt en del mil på sykkel da avstanden Birkeland - Vegusdal kyrkje - tur/retur er 66 kilometer. Alle turene på sykkelsetet og alle møtene med den kirkelige stab og menighet var lystbetonte opplevelser som jeg ser tilbake på med glede.

Utsmykkingar og gåver til nykjørka

ME HAR IKKJE TEKE mål av oss til å gi nokon fullstendig oversikt over dette, men me tek med nokre eksempel.

Altertavla kom i 1920. Før det var det eit kors der altertavla nå er. Nattverdsalker av sølv blei kjøpt inn i 1932 etter ei privat innsamling av pengar. Dette var nok eit stort framsteg når ein tenker på kor mykje smitte



Ove:r Kalk, oblatskål og særkalk.
Under: Den sjuarma lysestaken.



ein felleskalk kan dra med seg.

I 1957 blei det kjøpt inn konfirmantkapper. Det var ein del diskusjon og motstand mot å innføre konfirmantkapper, men etter ei tid innsåg dei fleste at det var både praktisk og pent.

Kyrkja blei bortimot totalrenovert fram mot 100-års jubileumet i 1967 med utvida sakresti, nytt golv, nye vindauge, ny kledning både ute og inne og innvendig måling i lyse grønt, grønt og rosa.

Det kom sjuarma lysestake av sylv på 80-talet. Dette var ei gåve frå Bygdekvinnelaget.

I 1990 blei det laga betre tilkomst for rørslehemma personar ved at det blei bygd ei terampe ved den søndre inngangen. Same året kom det også lesepult for tekstlesing og kunngjeringar.

I 1991 blei gjerdet rundt kyrkegarden flytta

litt, til slik det står i dag. I 1993 kom det vassklosett i sakrestidelen. Før det hadde det vore ein do i kjellaren i sakrestiet nokre år, men «hyttedo» i kjørka hadde sine opplagte ulemper.

Det kan vere hardt å sitje på trebenker, anten prekenen er god eller keisam. Ungdomslaget Heimtun sørga i 1996 for at kjørkebenkane blei utstyrte med benkeputer.

Dagens plassering av døypefont og gjerde kom i 2006. Det blei då fjerna nokre små benkar der døypefonten står nå, slik at ein kunne få betre plass i det området. Dette er ein stor fordel ved fleire høve: Ved barne-dåp er det grei plass til at mange kan kome fram, ved gravferd er der god plass rundt kista, og i meir festlege høve er det plass til at barnekor eller bygdegutar kan stille opp og synge. I 2006 kom også lysglobe, ei gåve frå Vegusdal bygdekvinnelag.

Det er nå god plass framme i kjørka. Bildet under er tatt etter ein begravelse. Til kvar gudsteneste står det friske blomar på alteret. Dette er det også Vegusdal bygdekvinnelag som sørger for.



Lysgloben.





VEGUSDAL KYRKJE

Jubileumsskriftet, 1967.

68 - 100-ÅRS JUBILEUM I 1967

100-års jubileum i 1967

Jubileumsskriftet.

DET VAR TRYGVE VESTØL (1900–1986) som var hovudredaktør for jubileumsskriftet som blei gitt ut ved 100-års jubileet i 1967. Trygve Vestøl var frå Vestøl i Vegusdal. Han var nest yngst i ein syskenflokk på 10, der dei fleste utvandra til USA. Trygve utdanna seg til lærar i Kristiansand, og byrja som lærar i 1922 med Vatne og Dovland krinsar som arbeidsområde. I 1931 gifte han seg med Anne Mjaaland og omtrent på denne tida kjøpte han «Der nede» på Kjelle vann. Dei fekk fire born, men kona døydde alt i 1946. Han gifte seg att i 1950 med Bennie Svendsen frå Tromøya.

Ein meir likande kar enn Trygve Vestøl skal ein leite lenge etter. Og som lærar hadde han eit enormt talent. Lat oss ta med kva Sigurd Belland (1912–2001) fortel om åra på skulen:

Vestøl var nybakt lærar då han kom til vår skule. Skulebarna kjende det slik at han kom ikkje som den strenge læraren, men som kamerat. Me som hadde Vestøl som lærar vil alltid være takksame for alt det han gav oss. Han hadde ein meisterleg måte å undervise på. Han gjorde stoffet så levande at elevane såg det for seg. Han hadde evnen til å undervise den einskilde på det grunnlaget som eleven hadde. På den måten kjende ingen seg som tapar. Alltid tala han til elevane som om dei var vaksen. I kvart einaste friminutt var han med skuleborna i leik og idrett. For mange var det stor sorg den dagen dei slutta på skulen.

Med Vestøl som lærar fekk borna inn mykje kunnskap som ikkje stod i bøkene. Av og til hadde eg vondt samvit av di me hadde brukt timen til å spørja om ting som ikkje stod i læreboka. I dag er eg takksam for alt han svara på og alt han fortalde. Me fekk greie på ting som dei ikkje ein gong lærte om i gymnasen. Han fortalde om det som hadde

med kommunal styring i bygda å gjere. Om Stortinget og inndeling i odelsting og lagting, om riksrett som var aktuell i mi skuletid avdi statsminister Abraham Berge kom for riksrett. Me lærde om heradsrett, lagmannsrett og høgsterett. Me fekk og høyre om dei framande religionane og om islam.

Det kan neppe vere tvil om at læraren Trygve Vestøl sette spor etter seg. Han var jovial, rett fram og kunne også vere veldig spontan. Mange har vel lært at vatna i Telemarksvassdraget heiter Totak, Bandak, Kviteseidvatn og Flåvatn. I klasseromet, under Trygves leining, blei dette ein gong til «Totak, Bandak, Kviteseidvatn og ... der sprang ei mus øve golvet».

Jubileumsskriftet frå 1967 startar med ei helsing frå soknepresten, Ingemann Ellingsen. Så kjem ei helsing frå den siste ordføraren i gamle Vegusdal, Peder Aas. Deretter kjem ein ganske grundig historisk gjennomgang av kjørka i Vegusdal. Dette kapitlet blir fulgt av eit kortare kapittel om historia til skulen i Vegusdal. Så har Olav O. Ås skrive eit kapittel om det frivillige, kristelege arbeidet i Vegusdal gjennom tidene. Deretter kjem ein omtale, og bilder, av sokneprestane i Vegusdal i periode 1867–1967. Heftet, som er på 44 sider blir avslutta med ei helsing og ein song, skrive av Gudrun Aas.



Dagens redaktør på fanget til den gamle redaktøren, hausten 1969.

Det levende huset!

Av Frode Eikrem, sokneprest i Vegusdal

HVA ER VEL ET kirkebygg uten mennesker? Ikke mer enn et tomt skall, planker, stein og maling. Huset må fylles med folk og aktiviteter. Kirken er først og fremst et hus av levende steiner. Vegusdal kyrkje har mye liv og røre innenfor veggene i løpet av et år. Her kommer en oversikt over det som skjer nå for tiden.

Det er gudstjenester. Hver 2.-3. uke samles menigheten for å feire gudstjeneste. De siste årene har det vært fokus på å engasjere mange med oppgaver. Klokkertjenesten utføres av frivillige. Tre personer deler datoene mellom seg. To barn er engasjerte som «Kirkeassistenter» på hver gudstjeneste. Dette er barn fra 10–13 år som deltar med blant annet lystenning under forbønnen og tekstlesing. De har egne assistent t-skjorter med skilt. På de fleste gudstjenestene er det også en egen tekniker som betjener data og skjerm. Salmer og liturgi vises på veggen til høyre for alterpartiet ved hjelp av projektor som er montert i taket under galleriet. Etter gudstjenesten er det stort sett kirkekaffe. Litt å bite i og en god prat, skal være normalen for en gudstjeneste. Det skal være lov å stoppe igjen en god stund. Som prest setter jeg stor pris på kirkekaffen. Det er viktig å snakke sammen, både om siste nytt og om gudstjenesten som har vært.

Begravelser er det ikke mye av, men når det først er, får man ofte utnyttet alle benkene i kirka. Det er en sterk opplevelse å se en kirke som er fylt opp til randen av mennesker, og samtidig er det stille, en verdig stillhet og en påminnelse om at man står sammen i denne bygda. Vi stiller opp for hverandre.

Brylluper har det blitt færre av med årene. Det har sikkert mange forklaringer. Men denne hvitmalte kirken er en flott ramme om en slik festdag. En klassisk bryllupskirke.



Her er Engesland barnehage på besøk i desember 2016.

De fleste møtene i menighetsrådet avholdes i sakristiet i kirken. Om lag seksganger i året samles rådet for å planlegge aktiviteter, økonomi og strategi for Vegusdal menighet. Noen vil kanskje tro at det er litt tørt og formelt å sitte i et slik råd. Men det gjelder ikke for Vegusdal. Det kan til tider være nokså livlig, både med historier, skrøner og eksempler som (mer eller mindre) belyser sakene. Det har vel hendt at det er vanskelig å stoppe latteren ... En god matpause hører også med, og matstandarden er høy. Jeg vil si at et menighetsrådsmøte i Vegusdal er noe å glede seg til.

I løpet av 2016 og 2017 har organist Karen Ingrid Witter prøvd noen samlinger med småbarns-sang i kirkerommet. Oppslutningen har vært litt liten, så fremtiden vil vise om dette blir noe å satse på videre. Dette vitner uansett om at kirken er på tilbudssiden når det gjelder barn og unge. De yngste blir også invitert til å komme å få 4 års bok og 6 års bok på gudstjenester i løpet av året. Dette har god oppslutning.

Så har vi barnekoret «Hjertevenner» som startet opp i 2007. Det er for barn fra 6–12 år. De har bidratt med sang og musikk på noen gudstjenester og de har også hatt egne konserter i kirka før jul.

Barn fra 7–10 år blir en gang i året invitert til arrangementet «Tårnagenter». En lang ettermiddag går vi rundt i hele kirken og løser oppgaver og mysterier. Vi er selvfølgelig helt oppi tårnet for å bli en ekte Tårnagent. Det er et helt prosjekt å løse alle barna trygt opp og ned den bratte stigen opp til klokka.

Lysvåken er et annet arrangement for barn som skjer i kirka. Det handler om å være Lys våkne ovenfor Gud og hverandre. Det arrangeres hvert andre år og er for barn fra 11–12 år. Da blir de virkelig husvarme og får en eierfølelse for dette bygget. Vi er sammen i kirkerommet i nærmere et halvt døgn og overnatter med soveposer og liggeunderlag på gulvet. Det er en fin opplevelse og sovne og våkne opp i Guds hus. Her er det trygt å være. Godnattsang i mørklagt kirke er en sterk opplevelse. Det er aktiviteter ute og inne. Av høydepunktene må nevnes mørkgjemsel. Av med lyset, og så er det å gjemme seg hvor som helst i 1.etasje. En gang var det soknepresten som ble funnet til slutt. Mens jeg lå der i mørket, musestille, tenkte jeg med meg selv: Skal tro hvor mange prester i Vegusdal som har ligget 10 minutter helt stille under en kirkebenk, i en mørklagt kirke? Vi bruker nok bygget på en litt annen måte enn tidligere. Samtidig tror jeg vi klarer å bevare respekten for rommet. Det skal være et annerledes bygg, men vi kan bli husvarme og komfortable her samtidig. Det skjer gjennom å bruke mye tid sammen i rommet og gi undervisning om kirkebyggets funksjon og symbolikk.

Konfirmantene samles i kirken rett etter skoletid, ca 15 ganger i løpet av konfirmasjonsåret. Vi begynner med en matbit i sakristiet. Maten



Å overnatte i kirka er både morsomt og spennende! Her er det Johann Reinken som gleder seg til ei natt i kirka.



Bildetekst.

blir levert på døra. Når jeg kommer til kirka før samlingene er det en rød plastboks som møter meg på kirketrappa. I boksen er det vi trenger av brødmatt, drikke og pålegg. Ragnhild Oline Stølen er den vi kan takke for at boksen kommer og har et smakfullt innhold. I løpet av konfirmanntimene er vi rundt omkring i hele bygget. Læreinneholdet i konfirmanntiden blir konkretisert gjennom å se på symboler og ting som vi finner i kirka.

Alt i alt er det mange som er innom Vegusdal kyrkje i løpet av et år. Oppslutningen om aktivitetene er høy sett i forhold til folketallet. Tårnagenter, LysVåken og konfirmasjon samler nær 100 % av årskullene. Kirken eies av alle de som vil høre Jesus til. Mitt ønske er at de som kjører forbi dette gamle ærverdige bygget tenker: «litt mitt». Her hører jeg til. Et levende brukshus for alle aldersgrupper.

Nokre forteljingar

undertittel?

STEFAN FIDJELAND FORTEL OM "VERSKAP"

LAT OSS BYRJE MED å høyre om korleis bryllup og begravelse gjekk føre seg på 1800-talet. Desse blei med eit fellesord kalla verskap fordi det var hendingar som gjorde at folk som var i familie eller i inngift familie var saman om det. Her er kva Stefan Fidjeland (1864–1956) skriv om dette:

BRUDLAUP OG LIKFERD.

Til desse "verskap" brygga dei som tiast heimeøl. Det var ein konst å brygge godt heimeøl, og dei fekk ære og ros dei som kunde få det godsmaka og sterkt. Det gjekk runnt i ølskåler som mange gonger var vent rosemåla, og oppe rundt kanten gjekk der som tiast eit måla vers eller ordtøke. Var skålene svert store, sette dei oppi ølet nokre bitte små ølskåler som dei tok og drakk av, dei kallast "sjelsingar("). Alle drakk av skålar eller sjelsingar, glas til ølet var ikkje komet ibruk. Derimot bruktes brendevinsglas til å skjenka brendevin i. Nokonslags rusdrikk sterkare enn brendevin var sjeldan å se. Jamnast ha dei brendevin både i brudlaup og likferd, opptil 1 anker = 40 potter. Verskapane vara mest i 2 dagar. Slektningar og serlege vener saman med "bedelaget" mødte alle fyrste dagen og var til seint om kvelden. Slektningane og serlege vener som var reist langt gav seg til om natta og reiste i regelen andre dagen utpå ettermiddagen.

I brudlaup var det tidt dei ha dans anten inne eller på låven, om det var om sumaren. Det traff dei ha spelemann. Det var ialfald tilfelde på Uldal i min søster Berte og Ommund sitt brudlaup. Han var fra Søisdal

i Landvik eller det var Froland. Han reid føre "føra" og spela då dei reid til kjærka på Mykland og seinare i brudlaupet av og til spela han opp til dans. Folk løna han med å putte pengar gjennom essane ned i fela. Dei trøytteltes tia med å "språte" med einannan. Det var sjeldan at dei "fall ut". Til verskap ha dei mest alltid kjøkemeister som bad til bords og stod for skjenkinga. Især i likferder song han føre både føre og etter maten, helst fyrste dagen. Dei søkte gjerne å få ein til kjøkemeistar som var "ordhitten" og pussig til å ordlegge seg. Dette kom serleg vel med når det var i dei verskap dei "bad til kokken". Dei kunde få inn adskjelleg pengar, når han kunde skildra kor ilde det var gjengen med kokken si tvore.

Det lengste brudlaup eg hev vore i var John K. Fidje og min syster Siri sitt brudlaup på Fidje i Vegusdal i 1878. Fyrst var det "flyttings gjestebod" heime på Fidjeland. Folk kom den eine dagen og reiste den andre dagen til Fidje. Rekna saman med flyttingsgjestebodet vara det akkurat 1 full vika. Me var reint utkøyrd då me kom heimatt. Me ha ikkje fenge ordentleg svevn noka nott. Berre ein husebygning og mange folk so me låg trongt. Kalt var her og. Olav, bror min, låg inn på eit kaldt loft. Han fraus so han blei mykje sjuk so dokter måtte hentes.

ANNE FIDJE FORTEL OM BEGRAVELSE, BRYLLUP OG DÅP

Anne Fidje var fødd på Vegusdal gnr 135/1 i 1894. Ho gifte seg med odelsguten på Fidje, Aamund Fidje i 1923 og dei fekk fire born. Det var ikkje hjulveg (kjerreveg) frå Fidje til Engesland den gongen, så bruddefylgjet reid over heia til kjærka - fram og tilbake. Bryllupet varte i 3 dagar, som var den gamle skikken. Dette var truleg det siste i sitt slag i Vegusdal. Ho døydde i 1992, 98 år gamal. Ho har skrive sjølv om livet sitt i ei minneoppgåve, som var lyst ut av Universitetet i Oslo i 1981.

BEGRAVELSER, BRYLLUP OG BARNEDÅP

Når en var død i bygda, begynte forberedelsene til begravelsen. Det tok lang tid. Lika kunne ligge heime opptil 3 veker. Vær og føre kunne også spille inn. Når liket var vaska og stelt og lagt i kiste, blei det båret ut

på låven. Der skulle det stå til begravelsen. Så begynte vaskinga. Husa blei vaska fra øverst til nederst. Badstua måtte fyres opp slik at klærne kunne "døyast". Den gangen brukte en "skimleier" (det er sauefeller som er sydd sammen.) Halmen i sengene måtte skiftes ut. Alt skulle være reint og fint til begravelsesdagen.

Store mengder øl måtte brygges, og det var litt av et arbeid. Det var gjerne noen gamle kjerringer som var spesielt flinke til å brygge øl, som tok seg av det. Ølet måtte være veldig sterkt, for begravelse var høytidelig. Først blei kornet lagt i bekken til bløyting. Så blei det lagt ut på golvet til groing, noe som tok fra 3 til 6 dager. Når kornet var passe grodd, måtte det til kverna og males. Og så kunne selve brygginga ta til.

Ofte måtte en også slakte for å få kjøttmat til begravelsen. Det måtte alltid være blodpølse og anna godt som varmrett om morgenen. I den første tida jeg husker, brukte en aldri kranser på kista slik som nå. Men en brukte gjerne å binde en krans av barlind eller granbar dersom en ikke kunne få tak i barlind, og så hadde en 2 lys på. Like før gjestene kom blei det klipt granbar og strødd fra låven ned til huset og et stykke utforbi til veien. Det var mye som skulle gjøres, og det trengtes mange folk. I alle fall dersom begravelsen var hos fattigfolk, fikk en hjelp hos belaget.

Når begravelsesdagen var bestemt, leigde de en bemann som kunne gå rundt i belaget og be folk til begravelsen, dersom de ikke hadde tid til å gå sjøl. Han gikk fra hus til hus og bad stort og smått. Alle skulle komme. Belaget skulle komme begravelsesdagen. Familie som budde langt unna, måtte få brev med innbydelsen. De måtte komme fredagskvelden. Begravelsen var alltid på en lørdag.

Lørdagsmorgenen skulle alle ha "måråmat", også belaget, for å forberede seg til kjerkeferda. Når de så kom heim igjen fra kjerka, var det middag. Den besto som regel av kjøttsuppe. Hadde en hatt anledning til å slakte, var det fersk kjøttsuppe. Ellers var det salt kjøtt og suppe. Før belaget reiste heim igjen om kvelden, var det kaffe og kveldsmat. Belaget skulle så komme igjen om søndagen. Til middag den dagen var det som regel tørrfisk (eller nakker som blei regna som finere) og velling. Annendags kvelden skulle den avdødes minne hedres med rusdrikk, gjerne punsj. De fleste var da nokså fulle. Så var det kaffe og kveldsmat før belaget reiste heim igjen om kvelden. Familien var som regel over til mandagen.

Et bryllup blei feira omtrent som en begravelse. Gjestene kom om fredagskvelden. Det første jeg husker var det ikke vanlig med presanger, men folk hadde med seg sending. Det kunne være lefser, gommege og et smørstykke som var fint mønstra etter sidene i smørforma. Alt var så lagt i ei korg. Når de skulle heim igjen, måtte de ha med seg omtrent like mye. Men det måtte ordnes slik at ingen fikk sin egen mat igjen. Sending brukte en forresten i begravelser også. Da vi gifta oss i 1923, var en begynt å gi presanger. På den tid var det også vanlig både til bryllup og begravelser, søsterkaker med engler på toppen. Ellers var kakene mest en haug med smørte lefser.

En barnedåp blei ikke feira så vidløftig. Da far til mannen min var til dåpen, var det ei gammel kone fra Lande som hengte et låskjede om halsen på dåpsbarnet som dåpsgave. Nå har dattera vår det kjedet. I Evje og Hornnes vet jeg det hendte at store skog og jordstykker blei gitt bort i faddergave, men slikt har jeg aldri hørt om her i Vegusdal.

«FYLL OG SPETAKKEL»

Det er ingen tvil om at alkoholbruken kunne vere stor og dominerande til tider. Naturlegvis var det, då som nå, stor skilnad på kven som drakk mykje og tidt. Me har forteljingar som viser at på nokre gardar gjekk folk meir eller mindre konstant rusa. Me har og forteljingar om dei som vil rusdrikk til livs, ikkje minst er vekkingane vitne om det. Nøyaktig korleis det var, kan me ikkje gi noko klart bilde av, men at alkoholbruk og -misbruk var svært omfattande, er klart.

Spesielt i forbindelse med feiringar som bryllup, konfirmasjon og til jul, samt i gravferder var det vanleg å drikke mykje. Det var ikkje forbunde med skam å vere synleg berusa, slik me vel helst tenker nå. Tvertom kunne det oppfattast som at ein gjorde ære på vertskap om ein tok riktig godt føre seg og laga leven det kunne talast om. I begravelse kunne det vere tankar om at ein gjorde skam på den døde om ikkje ein drakk seg riktig stuvfull.

La oss igjen høyre kva Stefan Fidjeland seier om saka:

Eg veit om ei gift kvinne som gjekk til alters om dagen og om ettermiddagen gjekk ho millom folk og bad nokon heim til drikkelag. Og eg såg med eigne augo ein mann som gjekk til alters og same kvelden låg han

i ei seng og sov rusen ut. Og føre mi tid var det nokk so, at ingen fekk gifta seg utan at dei ha gjenge til alters. Folk drakk mykje av og til med kjærka. Ein gong slogs dei og. Det skulde vera om ei jente frå Hovland. Ein gong kom ein inn i kjærka og gjorde kvalm. Då måtte far min, som var lensmann, arestere han. Der var ingen annan stad å gjera av han enn i ei stampe ned med elvi. Der stengde han ham inne solenge. Det var mest drikking konfirmasjonssundagane og jolepreikene. Eg hu(g) sar at eg gjekk med Tveit og kunde høyra eiane og skrålet tydeleg radt frå Engeslandsgarden. Og heilt fram til eg var komen til Iveland var det ikkje sjeldan at dei banna og torna utanfor kjærkegarden når me ha jordpåkasting.

Dette er vel helst ekstreme hendingar. Å kombinere det å drive ein gard og skaffe mat til huslyden let seg ikkje godt kombinere med å gå på fylla. Ein må vel helst tolke overdriven drikking ved enkelte høve som ein skarp kontrast til, og gjerne ei lita flukt frå, det daglege endelausa slitet. Men at alkohol hadde ein plass i det daglege livet rundt om på gardane, er det ikkje tvil om. Men då som alltid, for nokre gjekk det greitt, medan for andre tok det overhand med dei konsekvensar det fekk for dei som rusa seg. Me kan jo og bare forestille oss korleis borna blei skadelidne når frå før knappe ressursar gjekk til alkohol i staden for mat.

Ein ide om «typisk» alkoholbruk kan me få av å lese follogskontraktar. Follog var at folk overlet garden til yngre krefter, men heldt av ein del av gardens inntekter, husvere og matproduksjon til seg. I dag vil ein kalle det å sikre seg som pensjonist. I 1783 gjev Gundborg og Jacob Dovland seg såleis i follog til sonen Asmund og kona hans Kjersti frå Der oppe på Belland. «Pensjonen» til Gundborg og Jacob sikrar dei det som er viktig for dei. Dei skal ha eit rom i huset. Så skal dei ha 3 kyr, 4 sauer og 2 geiter (mjølk, ull og ost). Så ei skinnbleie, ein «quiddel» (dyne), ei rye og ei hodepute (kostbart sengetøy til å ha god seng). Dernest 7 tønner korn (bygg) og ½ tonne rug (dette må vere til flatbrød). Så skal dei «til kos» ha ½ tonne malt og 5 merker humle (dette vil gi kring 300 liter øl), 4 pottes brennevin (ca. 4 liter) og 12 ruller hollandsk tobakk (til tygging eller pipe). Deretter 2 småkrettur til slakt, offerpenger til presten, hesteskyss til kjærke og til slutt «en standsmessig begravelse».

SIGURD BELLAND FORTEL OM GUDSTENESTA SOM MØTEPLOSS (OG ALT ANNA SOM OG FØREGJEKK)

Ein rekna det å gå til kyrkje når det var preken som ei plikt, frå obligatorisk kyrkegang blei innført gjennom Sabbatsforordninga av 1735, og heilt fram mot 1920-30-talet. I kva grad denne kjensla fanst kunne nok variere frå familie til familie, og med kor langt ut på 1900-talet tida var komen. Men det var ikkje bare presten som hadde noko å tilby på prekensøndagar (som i snitt var om lag kvar tredje søndag). Me skal snart få høyre om at det var mange andre ting au som føregjekk, av meir verdsleg art. Og så er det enno ein viktig grunn til at folk reiste til kyrkje, spesielt etter at vegane var komne og kyrkeferda ikkje var så strid lenger: Desse turane til Engesland var ei kjærkomen avveksling i eit travelt og gjerne noko isolert tilvære. Med til kyrkje hadde ein gjerne noko ekstra godt i nista, og ein fekk drikke kaffe og kjase med slekt, gamle vener og bygdefolk elles.

Sigurd Belland har skrive om det å reise til kyrkje på 1920-30-talet, og om kva det innebar:

TIL KJØRKE KVAR TREDJE SUNDAG

Så langt attende som eg kan minnast så var me til kyrkje kvar gong som det var preken. Folk kom frå heile soknet. Etter at kyrka blei flytta til Engesland i 1867, så hadde bøndane i Vegusdal og Hovlandsdalen eigne hestestaller på Engesland. Eg meiner det var 12 stallrom. Desse var sett opp midt før butikken, på den andre sida av vegen. Då huset Risdal blei sett opp i 1910, kom stallene til å stå i tunet mellom uthuset og stovehuset. Då Langeland kjøpte dette huset, så fekk han lov av om lag alle og flytte desse stallene. Det var minst ein som ikkje ville gjeve lov, men Langeland flytta huset likevel. Så sette Langeland poteter i tomta og sette gjerde kring. Då preksundagen kom, så reiv bonden gjerdet og sette hesten midt i potetåkeren der som stallrommet hadde vore. Eg tykte det var veldig moro å sjå på dette skodespelet. Teoretisk hadde nok mannen rett, han hadde ikkje gjeve samtykket til riving og flytting av stallen.

Dei som ikkje hadde eige stallrom, fekk hestane inn i ekstra stallrom i bygda, eller dei bandt hesten til eit tre i skogkanten. Mange kom til kyrkje på sykkel, og folk kom over heiene frå Heimdal, Retterholt,

Vestøl, Lunden, Fidjebygda og Furholt. Dei hadde ingen veksamband med Engesland. Heile Vatne skulekrins hadde heller ikkje veg i retning Engesland.

Far og mor kjørde med karjol når dei skulle til kjærke. Men barneflokken vaks fort, og karjolen blei for liten. I 1918 kjøpte dei korvtrille. Etter kvart blei den også for liten til den store barneflokken, slik at dei største måtte gå over heia. Me kunne sjølvsagt ikkje gå på” kjærkeskoa”, dei bar me i handa og så skifta me sko om lag der som huset til Frants AAs nå er. Det var ingen sykkel heime i min barndom.

Me kom alltid i god tid til Engesland. Me tok sjølvsagt inn hos bestemor, og far fekk hesten inn i stallen. Bak på trilla hadde me alltid ein stor høysekk. Mor hadde smørt stor og god nistepakke, så me fekk kaffi og mjølk av bestemor. Ofte hadde ho noko godt på lur.

Prestane tok alltid inn hos bestemor. Der var ikkje veg til Herefoss, og presten kom som regel om laurdagskvelden. Ofte låg han over til måndagen, serleg når han hadde lesing med konfirmantane etter prei-ka. Søren Seland kom på hesteryggen om sommeren og med spisslede om vinteren.

Presten fekk alltid god middag, og då ville bestemor at far skulle ete saman med presten. Det hende at eg og skulle få middag saman med presten. Eg er sikker på at mor gledde seg til desse turane til barn-omsheimen. Det var ei stor avveksling i ein travel kvardag.

Konfirmasjon blei innført i 1736. Konfirmasjonssøndagen var det mykje folk til kjærke, og dette var ein dag det gjerne hende ekstra mykje, lat oss høyre kva Sigurd Belland fortel:

EIN KONFIRMASJON I 1920 ÅRA

Til konfirmasjonen kom det og mykje folk frå nabokommunane. Ein del mannfolk, som ellers ikkje drakk noko serleg, hadde funne ut at dei kunne ikkje vere edru ein konfirmasjon ved Engesland. Desse førebudde seg i lang tid for å ha alt klart til festen.

Eg kan ikkje minnast at eg såg fulle folk inne i kjærka, nei desse heldt seg nok i ”foreningstunet” (ved butikken) eller i Ruggamonen.

Skulle du få plass i kjærka, så måtte du vere tidleg ute. Folk stod tett til langt inn på kjærkegolvet. Under overhøyringa stod konfirmantane

i to lange rekker på golvet. Dersom det var ein som ikkje kunne svare på spørsmålet, så skulle dei som visste svaret rekke opp handa. Systrene mine, Agnes og Klara, måtte rekne opp alle bøkene i Det gamle testamentet, og det gjorde dei feilfritt. -Det skulle ha vore i dag-.

Det var berre ein liten del av kjørkeflokken som drakk seg full, men dei høyrdes så godt. Lensmann Aslak Vegusdal gjekk stor og myndig på vegen og prøvde å roe det heile ned ein del. Men ein måtte han legge i vegen. ”Dersom du ikkje er roleg, så må eg kjøre deg til Dåsnes”, sa lensmannen. ”Nei, kjør meg heller til Kristiansand, for der skal eg likevel”, bad mannen.

Det var ein del som måtte hauste når dei hadde fått seg litt i toppen. Desse lika seg godt i ” Ruggamonen” (midt for skulen). Under store furutre sat det gjenger som spela kort om pengar. Dette var serleg om konfirmasjonane.

Eit vanleg spørsmål frå dei som var heime var dette: ”Var det mange fulle ved kjørka i dag?”

Me har allereie nemnt at det føregjekk meir på prekensøndagen enn akkurat det presten og kjørka hadde å tilby. I ei tid med begrensa transport-tilhøve og nok av andre ting å gjere enn å bruke dagen på eit offentleg kontor, innreidde folk seg veldig praktisk:

MAT OG KAFFI-SAMVÆR –

Etter å ha vore i kjørka måtte folk få seg mat og kaffi. Alle hadde mat med, så fekk dei kjøpt kaffi hos Gurine Nystøl (Risidal) og Marie Engesland(Landsverk). I eldre tid fekk dei kaffi ”Deroppe” hos Ola Pærson.

Folk gav seg god tid. Der råka dei slekt og venner og fekk spørja om nytt. I eldre tid ordna dei praktiske ting, og det kunne vere at det var ein bonde frå utkanten av sokna som skulle ha med seg ein grisunge. Var det så ein i bygda som dreiv med sal av grisungar, så var det greitt å ta den med når dei likevel skulle til kjørke. På Brubakken hadde dei ei stampe som blei dreven med fossekraft. Folk frå heile bygda sende nyvevd vadmålsty til stamping, og då var det lett å ta med tyrullen den eine prekensøndagen, så var alt klart til neste preken.

Før 1940 hadde ingen kommunale instanser kontor på Engesland. Det var i heimen dei hadde kontoret. Lensmannen kunne dei treffe når

det var "bankdag", av di at han var formann i styret for banken inn til 1936. Eilef Fjermedal var likningssekretær, heradskasserar, trygdekas-serar og ein heil del andre omboder. Det skulle mykje til for at folk tok den lange turen heilt til Fjermedal. Men dette ordna Eilef på ein grei måte. Når det var preken, så kunne dei få ordna det dei skulle oppe på kommunestyre-romet. Det hende og ofte at sakene blei ordna ute på tunet. Dersom lensmannen var til kjørke, så kunne dei treffe han på banklokalet sitt rom.

Sjølv dei med eit trangt pietistisk syn, hadde ingen ting mot denne greie ordninga for folk.

Så seint som ved hundreårsskiftet så måtte lensmannen lese opp kunngjeringer frå kjørketrappa.

Då bedehuset kom i 1930-åra, selde dei kaffi der

SETESDALSRYKKA I VEGUSDAL

Mange sjukdomar truga folk. Mat med for dårleg næringsinnhald, manglande hygiene, kalde hus, ikkje gode nok klede og sko, alt dette gjorde at sjukdomar hadde gode vilkår for å breie om seg. Vankunne og overtru kunne mange tider gjere ting verre. Men utover 1800-talet betra ting seg, og det skuldast nok at det me allereie har nemnt gradvis betra seg i tillegg til at medisinsk vitskap sakte men sikkert vann fram. Allereie i 1810 blei koppevaksine obligatorisk i Noreg etter at denne hadde blitt oppdaga i England i 1796. Metoden var enkel, men smart. Smitt barnet med den ufarlege sjukdomen kukopper og barnet blir immunt også mot farleg kopper. På 1700-talet var sjansen bare kring 40 % for å overleve kopper, noko som gjorde kopper til den aller farlegaste av alle barnesjukdomar.

Elles fekk jo folk som nå sjukdomar som meslingar, kusma, kikhoste og slikt. Forskjellen var at dette kunne vere temmeleg farleg. Lungebeten-nelse var frykta, og tok mange liv heilt til antibiotika kom i vanleg bruk etter 2. verdskrigen. Penicilin blei oppdaga i 1929, men det tok nokre år før den blei vanleg i behandling av bakterieinfeksjonar, som tuberkulose og ved barsel-feber. I løpet av 1800-talet fall barnedødeligheita frå opp mot 50 % til kring 20 %.

Ratesjuke var eit omgrep for sjukdomar som gjev syfilisliknande hud-symptomer. Forskarane trur i dag at dei fleste tilfella av ratesjuke var ikkje-venerisk syfilis. Også tuberkulose kan gi liknande symptom. Det

same med Lepra. Også venerisk syfilis og gonore var sjukdomar med nok utbreiing til å vere frykta (folk visste ikkje at dette var to ulike sjukdomar før langt inn i vår tid).

Men i tillegg til alt dette, var mange familiar i Vegusdal ramma av ein arveleg sjukdom som på folkemunne blei kalla Setesdalsrykka eller helst bare Rykka. Det offisielle namnet på sjukdommen er Huntingtons Chorea. Sjukdommen skuldast ein mutasjon (altså ei endring i eit gen hjå eitt individ) på kromosom nr. 4 som me ikkje greier å seie når eller kvar oppsto. Sjukdommen si utbreiing i Vegusdal er grundig studert av Alf Ørbeck (som var distriktlege i Vegusdal på 1930-talet) og Thordar Quelpud og resultatata er publiserte i 1954. Det er frå dette grundige vitskapelege arbeidet me i dag har kunnskap om sjukdommen.

I dag veit me at sjukdommen er dominant arveleg, det vil i praksis seie at ein har 50 % sjanse for å ha sjukdommen dersom ein av foreldra har den. Då sjukdommen florerte i Vegusdal visste dei ikkje det, og folketrua var at han var ei forbanning over familien som kunne slå til heilt til sjuande ledd. Rask oppteljing gir at talet på menneske i Vegusdal med denne arvelege sjukdommen i 1900 var kring 30. Sjukdommen bryt vanlegvis ut i 30-50 års alderen og fører til dansande, keimande rørsler og gradvis demens.

I 1820-åra åttvara presten frå talarstolen i Vegusdal kyrkje på Vegusdal folk om å gifte seg inn i rykkeslektar. Det ser likevel ikkje ut til at «rykkeslektene» har hatt problem med å føre slekta vidare, men det er ein tensens til at folk frå rykkeslekt giftar seg med folk frå rykkeslakt. Sjukdommen fanst og i nokre slekter i nordre Bygland og i Valle, samt i Gjerstad. Men aller flest tilfelle var det i Vegusdal og Iveland. Alle tilfella i Vegusdal kan først tilbake til Ådne Salvesson Belland (1733–1764) medan alle tilfella i Iveland kjem frå bror til Ådne, Gunnar Salvesson Gjerustad (1737–1781). Ådne hadde fem born, der to av dei, Salve og Kjersti, hadde arva Rykka. Og med desse to breidde den grufulle lagnaden seg til slekt etter slekt i Vegusdal.

Alt i alt blei 88 personar ramma i Vegusdal og Iveland før Rykka gradvis døydde ut ved at berarane ikkje hadde born. I 1946 var bare 9 sjuke og kan hende om lag like mange berarar att frå denne greina. I dag er det bare nokre ganske få tilfelle att og sjukdomsgreina frå Belland vil sikkert forsvinne heilt. Heilt fram til vår tid har det vore fullstendig tabu å snakke om Rykka, det var noko ein bare måtte gløyme at fanst eller hadde eksistert. I dag har me heldigvis kunnskap om sjukdommen og om kva som hende, og om

kvifor, slik at me kan sjå på det som ein del av historia i Vegusdal.

At sjukdomen i Vegusdal og Iveland kan førast attende til to brør, kan me slett ikkje lese som at mutasjonen har oppstått hjå ein av foreldra til Ådne og Gunnar Salvessøner Belland. Mutasjonar er såpass sjeldne at me kan vere sikre på at alle tilfella i både Vegusdal, Gjerstad og Setesdal kan førast tilbake til ein felles mutant.

REISE TIL OG FRÅ KJØRKA

I kultursoga for Vegusdal er omtala kjørkevegar til gamlekjørka på Vegusdal. Her finn ein på sidene 168–174 temmeleg nøye oppteikning over kykjevegane

- Engesland–Vegusdal,
- Heimdal–Retterholt–Vegusdal,
- Risdal–Vegusdal

samt ei skisse av kjørkevegen Ytre Lauvrak–Uldal–Vegusdal.

Me skal kort gå gjennom dei to fyrste av desse også her. Men kva med folk frå Vassgrenda, kvar gjekk dei? Og kva med Oggestronda, kvar for ein til kjørke frå Joreidbygda?

Litt om veg frå Risdal, bilde av brule og piggsteinar. Veggen gjekk frå Risdal, om Austre Frigstad, så aust for Førevatnet, derfrå over Skrelleheia, ved Fjelltjørnane og Håbekktjørn, forbi eit varp ned til Skåre, så over Skårsvadet i Hovlandsåna og til Vegusdal.

Vegar til Vegusdal kyrkje på Vegusdal, før 1867.

Kyrkjevegane var, naturleg nok, lagt slik at det kom fleire og fleire og knytte seg på, ettersom ein nærma seg Vegusdal. Me kan derfor tenke oss vegane som mange spreidde, små liner som samlast i få, tykkare liner nærare kjørka. Lat oss starte med desse hovudvegane. Dei er

1. Engesland-Vegusdal, over Krosseheia
2. Retterholt-Vegusdal, om Breisåsvarpet
3. Øvre Engesland-Vegusdal, om Austre Haukom
4. Nordre Tveit-Vegusdal, over Kjørkemoen

Skåre, Flateland og Vågsdalen hadde heller kort veg til kjørke og er ikkje omfatta av inndelinga over. Årikstad og Hommen er me ikkje heilt sikre

på kvar gjekk. Kan hende kan det ha variert noko, alt etter korleis det var å krysse elva like nordanfor. Dette med å krysse elvar er viktig når ein skal finne att gamle vegar. I tillegg til problemet med å krysse Bellandsåna har me det å krysse Rett(åna) og det å krysse Hovlands(dals)åna som kinkige punkt. Lat oss sette opp ein oversikt over kva for ei av dei fire hovudlinene over dei ulike gardane høyrde til. Ved å bruke kartet over gardane, er det nokså greitt å orientere seg. Frå dette kartet ser me også at Engesland verkeleg ligg midt i Vegusdal.

1	Håverstad, Stølen, Ås, Tveit, Engesland
2	-Joreidbygda (Buli, Joreid, Rødli), Sørli, Sundstøl, Vindvand -Heimdalsbygda (Ånesland, Heimdal, Trolldalen, Lunden) Desse to linene gjekk så om Lia, Vestøl til Retterholt, der Håstøl og kom til, så over <i>Berkjevaet</i> -Lande, Fidje, Furholt og Breisåsen
3	-Vestre Tveit, Øvre Fjermedal -Eveli, Vetrhus, Desse to linene gjekk over <i>Dovlandsosen</i> eller om Belland -Vestre- og Austre Fidjeland, Dovland, Røyland Linene møttes så på <i>Øvre Engesland</i> , der også Belland møtte til -Austre Haukom
4	-Gjerustad, Katerås, Vatne, Vestre Haukom -Kjellevand Desse to linene gjekk så om Øygarden til Nordre Tveit. -Lislevand, Myklebostad, Ljosland, Hovland måtte krysse Hovlandsåna ved <i>Tveitbrua</i> eller <i>Gamlebru</i> og der kome inn på hovudlina

Langsetter desse gamle vegane finn me mange namn, nokre som og vitnar om kørkeferd. Lat oss sjå litt på desse namna:

Engeland-Vegusdal-lina gjekk slik: Engesland-Gullringskaret-Møssebrekkane-Kloppeskilen-Bruhella-Krosseheia-Krossen-Austsida av Vrålsdal-Bru-refallet-kryssa Vrålsbekken der Futevegen nå går-Jammerdalen-Vegusdal kyrkje.



Joreidlina gjekk omtrent slik: Sommarsdag om Kjørketjønn mellom Brøvardheia og Liknuten til Lia og Vestøl. Vintersdag med gode istilhøve



Taterheia

isvegen til inst i Lølandsfjorden, så Aggevatnet - Lauvtjønn i Fidjemark, der dei kom inn på hovudvegen.

Heimdalslina gjekk slik: Heimdal-Lunden-Lundseheia-Lia-Vestøl- Retterholt (vegen Lunde-
vatnet-Simonsmyrane-Vestøl blei og brukt).

Frå Retterholt gjekk dei så over Rettåna ved Berkjevaet.

Her låg det kvite bjørkestokkar på botnen så vadet var godt å sjå når mørket fall på. Veggen gjekk vidare over Fidjeheia, der det var kvileplass med sitjesteinar for brur, brudgom og spelemann. Så Degnefallet-Kjørketjønn-Åstjønn-Lauvtjønn-Sandhaugane-Bumyr-Taterheia (kvileplass med steinbord og sitjesteinar (sjå bildet))-Engelsåna ved Landevaet-Kjørketjønn i Engeslandmark-Breisåsvarpet-Hangetjønnosen-Vrålsbekken-Jammerdalen-Vegusdal kyrkje. Furholt kom på ved Bumyr eller frå Breisåsvarpet.

Fjermedalslina gjekk over heia til Eikelia. Her kom og veggen frå Hommen (den såkalla byvegen). Veggen gjekk om Belland-Færedalen-Øvre Engesland.

Eveli-Vettrhuslina gjekk nok Stokkedalen-Dovlandsosen-Færedalen-Øvre Engesland.

Frå Øvre Engesland kryssa dei Lonebekken og Høydalen på sin tur til Austre Haukom. Derifrå gjekk veggen over fjella på vestsida av Vrålsdal, så framom den store steinen Blinde Notto og så til Vegusdal kyrkje.

Fidjelandslina gjekk om Dovland og Røyland, der det heiter Kjørkeknotten i jordet, og så til Øvre Engesland, der det heiter Kjørkejordet i hallane mot aust.

Vassgrendslina gjekk frå Bervaet ved Vestre Haukom. Så Svoa-Flomyrane-Flomyrløa-nær Hanefoss-Småsteane-Skuggetjønn-Nedre Gluggvarden-Øvre Gluggvarden-framom eit brulé med 16 stein-Gluggvardstjønn-Nondalen-Øygarden.

Kjellevandslina kom ned i Nondalen noko lenger nede mot Øygarden enn Vassgrendslina.

Haugland, Skreros og Løland nytta truleg Kongevegen frå 800-talet. Denne eldgamle vegen kryssar vegen frå Heimdalsbygd og Retterholt mellom Åstjønn og Lauvtjønn i Fidje mark. Dei kunne såleis gå vegen til Vegusdal saman med bygdefolk frå grannelaget. Vegen om Ås og Engesland kunne og nyttast, men den er mykje tyngre å ferdast. Kanskje nytta dei båe alternativa.



Gluggvarden

Vegar til Vegusdal kyrkje på Engesland, etter 1867.

Frå 1826 finst det ein rapport frå statistikaren Jens Kraft som fortel at det bare finst ride- og kløvvegar på våre trakter. I 1851 kom ei ny veglov, der ansvaret for vegbygging og vegvedlikehald blei klart definert. Hovudvegar hadde amtet ansvar for, med økonomisk støtte frå staten. Bygdevegar skulle finansierast over heradstyret sitt budsjett. I 1861 starta arbeidet med å bygge hjulveg frå Varpet, mellom Stemlona og Vegusdal, til Kristiansand. På denne tida var det enno ikkje køyreveg gjennom Hovlandsdalen, men ein slik var vedtatt å bygge, og krysset mellom austgåande og sørgåande veg skulle vere ved Varpet. Vegen sørover heiter den dag i dag Varpevegen. Den gjekk frå Varpet, om Tvørevatnet, så ned til Ljosevatnet, vidare nedi enden av jordane på Engesland, kryssa Engeslandsåna ved Haugvadbakken og gjekk så vidare forbi Tveit, Ås og Stølen til Løland og Skreros og vidare sørover om Haugland. Vegen er enno godt synleg, og endåtil lange stykker køyrbar (sjå bildet på neste side).

Varpevegen blei bygd i småstykker på 166 2/3 famnar (ca. 310 meter), som igjen hadde kvar sin «entreprenør». Dermed varierer det noko når vegstykket var ferdige. Vegstykket Engesland-Ås var ferdig i 1866. Då ny-kjørka blei vigsla i 1867 hadde altså mange gardar køyreveg til kjærke, og dei som ikkje budde like attmed vegen kunne ta ut til vegen, og så ha ein grei tur derfrå og fram til kjærka på Engesland. Varpevegen blei og brøytta om vinteren, med hest og plog. Kunne ikkje 2 hestar makte plogen,



Inngangen til Haugvadbakken frå Varpevegen.

blei folk kalla ut til å skuffe for hand.

Veg vestover frå Engesland var ikkje på nokon måte klar i 1867. Nøyaktig når det kom kjerreveg vestover, er ikkje heilt klart, men Stefan Fidjeland, fødd 1864, skriv at den kom medan hans far enno var lensmann, dvs. det kom veg før 1889. «Visstnok var det ingen fyrsteklasses veg, men det gjekk godt ann å køyra med kjerra og eit herleg lass», skriv Stefan i sine memoarar. Denne vegen gjekk frå Austre Fidjeland, over ei lang trebru til Dovland, gjennom tuna Der Heime og Der Oppe på Dovland, så gjennom skogen opp til Røyland, vidare gjennom Røylandsdalen til Øvre Engesland og så til Nedre Engesland. I alle fall stykkevis, er denne vegen også mulig å sjå.

Veg gjennom Hovlandsdalen kom også omtrent på same tid. Men i 1867 var kørkevegen frå gardane i Hovlandsdalen enno strevsam. Han gjekk over heia til Austre Haukom, så med båt eller på is over Haukomvatnet og til Engesland. Det var denne vegen dei prominente geistlege fekk kjenne på då dei dro frå Evje, om Myklebostad og til vigslinga på Engesland i juni 1867.

Vassgrenda blei liggande perifert i forhold til Engesland, men i 1893 var vegen Vatne-Birketveit ferdig. Dette knytte Vassgrenda endå tettare til Iveland enn dei allereie var. Vassgrendas «drag mot vest», ser me tydeleg i det klare dialektkiljet mellom Dovlandsbygda og Vassgrenda. Vassgrenda skil seg frå resten av Vegusdal ved å ha fråfall av r i fleirtal. I Vassgrenda seier dei «to bile'», medan resten av Vegusdal seier «to bilår». Veg mellom Dovland og Vatne kom fyrst i 1957-59. Sjølv sagt nytte Vassgrenda Iveland kjærke mykje. Men dåp og konfirmasjon måtte foregå på Engesland. Vassgrenda lå såleis noko tungvint til heilt fram til slutten av femti-talet. Skulle ein til Engesland, laut ein ro eller gå på isen ut Vassvatnet til Skaphøl, der Vassvatnet renn ut i Storåna. Frå Skaphøl kan ein sjå rester av ein gammal veg til Dovland. Det er vel rimeleg å tenke seg at den er frå same tid som vegen frå Dovland til Engesland, altså 1880-talet.

Medalja har også ei bakside, heiter det i ordtaket. Om medalja er det å få kjærke midt i bygda, og køyrevegar til henne, kva er då baksida? Om ingen har veg, er alle stader meir eller mindre like sentrale. Men når nokre gardar har veg like forbi seg, medan andre gardar ligg i tjukkaste villmarka, blir det ein skilnad. Dei som ligg ved vegen får fordelar, og får ein auka verdi utan å ha investert eitt øre i det. Dei får og ein auka status og det blir eit skilje mellom «sentrale gardar» og «perifere gardar».

Kyrkjelydsbladet Klokketonar

KLOKKETONAR KOM FYRSTE GONG i juli 1948. Bladet kom ut ein gong kvar månad og blei utgjeve av eit bladstyre. Fyrste redaktør var soknepresten, Tomas Mæsel. Det var ein frivillig kontingent på 2 kroner per år. Seinare kom bladet seks gonger i året, men heile tida med frivillig kontingent. Og gav ein nokre kroner ekstra til bladet, kunne alle lese om det i neste nummer.

Me har plukka ut nokre stykke frå Klokketonar. Det fyrste stykket er frå juliutgåva 1953

På vitjing hjå flykningefamilien på Vatne i Vegusdal (av Asborg Langemyr)

Vegusdal saman med iveland har fått sin flykningefamilie. Kristi himmelfartsdag fekk eg høve til å vitja dei. Som formann i Herefoss flyktingenemnd var eg serleg interessert i å sjå korleis andre hadde løyst oppgåva, og dessutan så hadde me lova arbeid til dei to eldste gutane i familien, så me var ikkje så heilt utan ansvar. Men vegen var lang frå Herefoss. Eg kørde med presten som skulle ha gudsteneste i Vatne skulehus, men eg hadde aldri drøymt om at det kunne vera så lang veg til utkanten av prestegjeldet. Etter gudstenesten bar det så bort til Olav Vatne og seinare til flyktingefamilien. Det vart ei gild vitjing, endå dei til å byrja med såg med litt mistru på meg då dei hørde eg var frå Herefoss og organiserte arbeidet der, som dei kallar det. Men Olav Vatne, som var ein meister i å gjera seg forståeleg for dei, fekk snart forklåra at det var ikkje for å ta Peter og Milan frå dei at eg var komen, og då lyste dei opp.

Familien kunne korkje norsk eller tysk då dei kom, så det er eit under

Klokke-tonar

NR. 3

MARS 1953

6. ÅRG

Den Herre Krist

Den Herre Krist i dødens hånd
Lå for vår synd hengivet,
Han er oppstoden ved Guds hånd,
Har nådig brakt oss livet.
Og derfor kom, I kristne, la
Oss takke Gud og være glad
Og syng: Halleluja! Halleluja!

På jorderike var ei den mann
Som kunne døden blinde,
For alt var her i syndig stand,
En roa var ei å finne.
Og derfor døden kom med makt,
I lenker har han verden lagt
Og holdt oss alle fanget, Halleluja!

Den krig det var en farlig lek
Da liv og død de droega,
Men livet vant, og døden vekt,
Oppsluktet og nedsløges.
Ti vidner derom Skriftens ord
At Kristi død var dødens mord,
Til spott er døden blevet, Halleluja!

Her er det rette påskelam,
Som Gud i nåde sender,
Guds kjærlighet har ofret ham,
Og troen glad ham kjenner.
Med blodet strøket på vår dør —
Den morderøvel ikke tør
Der komme innenfore, Halleluja!

Brev frå den nye Vegusdal-misjonæren.

Kjære kjende og ukjende.

Det er vårsundag i Faria i dag. Himmelen er skyfri, og sola strøymer ned over folkohavet. Parkane er alt grønne, og dei store alléane lestar etter det same.

Tankane mine er likevel ikkje nøgde i alt dette. Dei vil heim til Iveland, seier dei, og — og — Vegusdal. Ett vakkert namn renn meg i minne — «Klokke-tonar» —, og dermed er vi på vegen.

Eg må få oss dykk ein hjarteleg takk for sist. Ein sers takk skuldar eg dei som vagra seg ut på glattisen til Iveland den 31. januar og til dykk som bad for kvelden. Takk til dykk som vil halda fram i denne tenesta. Eg kan ikkje få sagt kor det virkar her. Så godt at det ikkje er avstand i hana si verd. Må Gud gje oss å rekna med svar, vener!

Det går betre her enn eg hadde venta på mange måtar. Det er så sunt som songaren seier: «Den tyngste byrde som du prøver bæra, er den du selv på forhånd lager deg.» —

Framsken er likevel ein stribukk å slåss med. Han vil helst ikkje slå seg til hos meg kor det kan vera. Ville han berre sola grunnen, kunne det kanskje verta annleis. Men han er visst like strid med dei andre så vi får freista knokka han saman.

Tida har vert visseleg ei brytnings- og mogneretid. Vi er rivne ut frå livet heime og sett midt i vrismelen. Eg vert ofte så spørjande — spørjande utan svar.

I går hadde vi skandinav-kveld, og det var glitt. Vi var 24—25 norske og svenske misjonærar. Tanken i 1. Pet. 1, 22 fekk lov å råda, og eg sender denne vidare.

Beste helsing frå dykkar

Selma.

PS. Redaktøren har adresse som nekem vil skrive til Selma Ivedal.

at at dei kunne koma gjennom og klare seg så godt med miner og fakter og ein del internasjonale ord.

Dei hadde fått det både pent og greitt. Huset var nok lite, men nytt. Og dei var nok vant med mykje mindre plass før. Takksemd og glede lyste av andleta deira. Premak sjølv og eldste sonen arbeidde på veganlegg like ved huset. Son nr. 2 hadde etter det eg skyna mykje arbeid hjå Olav Vatne. Og Vatne var svært nøgd med han. Så var der tre mindre born, ein gut på elleve år måtte av og til nyttast som tolk. Han hadde alt lært seg ein god del norsk. Familien kom i påskeveka. Dei to yngste, gut og jente, var tvillingar. Alle såg og hørdest ut til å vera nøgde med å ha kome til Noreg og fenge seg ein heim der. Eit skår i gleda var at eldste dottera var att i heimlandet. Dei hadde nok store ynskje om å få ho og hit, men vanskaner er store.

Eg vil få ynskja Vegusdal til lukke med tiltaket! At dei hadde skilt seg sers godt i arbeidet er det ikkje tvil om.

Og så er det å ynskja at Peter og Milan framleis må få arbeid der borte, så dei kan få bu hjå far og mor og syskin.

Litt skjemt (frå nr.1, 1968)

Vesle Per har fått tak i ei bok om barnepsykologi og les med iver frå perm til perm. Til slutt slår han att boka og sukker: «Eg vert nok ikkje lett å ha med å gjera om eitpar år».

Trappa her heime (frå nr. 5, 1973) av Gudmund Bjorvatn

I dei aller fleste nummer av Klokketonar var det ein song eller ein salme, gjerne sett inn i ein passande samanheng. Det kunne vere meir eller mindre kjende songar eller salmer, og det kunne også vere dikt skrivne av folk i kjørkelydane. Spesielt finn ein mange dikt av herefossingen Gudmund Bjorvatn, ein mann med eit opplagt talent for å gjere ord om til stemning og ettertanke. I 1973 kom diktet «Trappa her heime». Dette diktet sette litt seinare Ingebjørg Vellene ein tone til som går hand i hand med det noko melankolske temaet i diktet.

TRAPPA HER HEIME

The image shows a handwritten musical score for the song 'TRAPPA HER HEIME'. It consists of two staves of music written on a five-line staff with a treble clef. The notes are simple, mostly quarter and eighth notes, with some rests. Below the notes, the lyrics are written in a cursive, handwritten style. The first staff has the lyrics: 'Trappa her heime har ned-slitne stein, og ta-lar om slek-ters tråkk.' The second staff has the lyrics: 'Så tida dei hasta på trøytte bein, og mykje om dagen dei rokk.'

1 Trappa her heime har nedslitne stein
og talar om slekters tråkk.
Så tida dei hasta på trøytte bein,
og mykje om dagen dei rokk.

3 Tung var vel vegen så ofte å gå
med motgang og sorg og slit.
Du tenkte ofte å lenger nå,
men nådde så lite dit.

5 Nå er det eg som har vegen min her
og tråkker i gamle far,
mi store gjerning i livet er
å vyrdsle om tun og om gard.

7 Snart må eg stavre i trappa vår ned
så stille for siste gong.

Å, Herre Gud, du som før var med:

Å, lei meg den vegen så trong.

2 Slekter har skifta og slekter er gløymd.

Og alle har sett sitt spor -
I grus og i jord er ei søge gjøymd
Om lite er skreven med ord.

4 Endå du sådde kvar einaste vår
og hugnad i strevet fann,
og draum og slit gjennom tusen år
var med på å forme vårt land.

6 Ennå eg skulle så mykje ha gjort,
kvar dag kjem med nye krav.
Men tida hastar so og fer så fort,
snart sig vel mi livssol i hav.

